IATA kostar og leverer ut utstyr for restavfall og kjeldesortering hos abonnentar med hushaldningsavfall. Fellesløyning hos fleire abonnentar skal godkjennast av IATA. I avfallsbuer held IATA oppsamlingsutstyret og syter for utplassering.

§6 Plassering av oppsamlingsutstyr ved innsamling

Oppsamlingsseiningane skal plasserast samla og lett tilgjengeleg på plant og fast underlag for innsamling.

Tilkomsten skal vere fri for hindringar som kan gjere henting/tømming vanskeleg.

Om vinteren **skal** tilkomsten vere rydda for snø og eventuelt sandstrødd.

Oppsamlingsutstyr skal med henting plasserast ved godkjend veg som er farbar heile året. (sjå definisjon av kjørbar veg)

Oppsamlingsutstyr for fleire hytter/hyttfelt skal vere i hus som er godkjent av IATA. IATA avgjer storleik og type på oppsamlingsseiningane.

Oppsamlingshus for avfall skal ha fast underlag (betong e.l.) i avfallsrommet og fram til renovasjonsbilen. Tilkomsten skal vere fri for hindringar som trappetrinn o.l. og ha moderat stigning.

§7 Felles oppsamlingsplass

Abonnenter kan gå saman om felles oppsamlingsseiningar når det blir godkjent av kommunen. IATA skal godkjenne plassering av felles oppsamlingsseiningar. Der

IATA eig utstyret på fellesplassen, har IATA ansvaret for vedlikehaldet av dette.

Abonnentar kan etter søknad gå saman om felles oppsamlingsseiningar. Ein abonnent må stå ansvarleg ovanfor kommunen og IATA. Abonnentane må ha naturleg naboskap.

§8 Bruk av oppsamlingsutstyr

Abonntenen pliktar å kjeldesortere dei avfallstyper som IATA etablerer innsamlings- og attvinningsordningar for.

Oppsamlingsutstyret må ikkje overfyllest og bli pakka hardare enn at avfallet lett kan bli tømt. Sekkar må ikkje vere fullare enn at dei kan knytast for. På behaldarar skal lokket vere lukka tett til.

I oppsamlingseiningane må det bare bli lagt den type avfall eininga er bestemt for.

I restavfallsutstyret må det bare bli lagt avfall det ikkje er sorteringsordning for.

Abonntenen skal sjå til at fraksjonane er så reine som råd og at dei ikkje blir blanda.

§9 Innsamling av hushaldningsavfall

IATA syter for innsamling av hushaldningsavfall.

Oppsamlingseiningane blir tømt med faste intervall som blir bestemt av IATA.

Tømming blir gjort kjent med tømme kalender som blir distribuert til abonnentane kvart år. Ved uhell eller ekstreme vertilhøve kan tømmeruta fråvikast.

Innsamlinga skal skje mest mogleg skadefritt for abonnenten.

Oppsamlingseiningar på hjul blir sett attende på plass. Evt. søl frå tømminga blir fjerna av renovatøren.

Småbarnsforeldre/føresette med omsorg for fastbuande born under 3 år, kan få større restavfallsdunk utan tilleggsgebyr. Ordninga administrerast av IATA.

§10 Abonntens plikter

Abonntenen er ansvarleg for at oppsamlingsutstyret er plassert i samsvar med desse forskriftene. Abonntenen svarar for skade eller slitasje som ikkje skyldast normalt bruk og må erstatte einingar som er øydelagde eller kome bort.

Abonntenen må sjølv utføre reinhald av oppsamlingsutstyret.

Avfallsfraksjonar skal sorterast ut og bli lagt på rett stad.

Hushaldningsavfall ut over det som blir samla inn, pliktar eigaren å transportere fram til godkjent mottaksanlegg.

§11 Kjeldesortering

Oppsamling, innsamling og behandling av avfallet går føre seg etter kjeldesorteringsprinsippet. Abonntenen pliktar å sortere avfallet i dei fraksjonane som IATA til ei kvar tid avgjer. Hos abonnentane blir fylgjande fraksjonar henta: Matrestar, papir/drikkekartong/hushaldningspapp, glas/småmetall, klede, spesialavfall og restavfall. Lista er ikkje uttømmende.

§12 Kompostering

Abonntent, eller fleire abonnentar i fellesskap som har eigna plass, kan etter søknad inngå avtale med IATA om kompostering av organisk avfall på eigedommane.

Komposteringa skal skje på ein hygienisk god måte i isolerte behaldarar. Ordninga skal vere godkjent av IATA.

KAP. 3 TØMMING AV SLAM FRÅ SLAMAVSKILLARAR M. M.

§13 Tømmefrekvens

Kommunen sett opp tømmefrekvens etter berekna behov i utsleppsløyve. For eigedommar med fast busetting og med toalett knytt til slamavskillaren, skal slamavskillaren tømmast minst kvart 2. år. For eigedom med fast busetting utan toalett knytt til slamavskillaren og for fritidsbusetnad, skal slamavskillaren tømmast kvart 4. år. Tette oppsamlingstankar tømmast etter behov eller minst ein gong i året. IATA i samråd med kommunen kan bestemme ei anna og hyppigare tømning dersom tilhøva tilseier det.

§14 IATA sine oppgåver

Varsel om når tømning skal finne stad vil bli gitt gjennom kunngjering i dagspresse eller på annan måte som IATA finn føremålstenleg. Tømning skal gje minst mogleg støy og lukt. Anlegget skal etter tømning stengjast med lokk o.l. Tømning bør så langt som mogleg skje på bar mark. IATA kan etter avtale utføre tilsyn på vegne av utsleppsmyndigheten.

§15 Pliktene til abonnenten

Abonnenten skal syte for at anlegg som skal tømmast er lett tilgjengelege for tømning med tankbil. Overdekking av kumlokk og liknande med snø, is, jord m.m., skal vere fjerna av abonnenten før tømning blir utført. Den som tømmer anlegget, har rett til å plassere tømmeutstyr på eigdommen for å få utført tømninga.

KAP.4 AVFALLSGEBYR

§16 Avfallsgebyr

Tinglyst eigar eller tinglyst festar av eigedom pliktar å betale gebyr for tenester pålagt etter denne forskrift. Gebyret med evt. tillegg av renter og omkostningar er sikra lovbestemt pant etter pantelovens §6-1. Om renteplikt ved for sein betaling og inndrivning av gebyr gjeld reglane i lov av 6.juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane §§ 26 og 27 tilsvarande. Gebyrplikten gjeld alle eigedommar, også eigedommar som ikkje blir nytta regelmessig. Dersom bygningen har stengt av vatn og avløp, evt. slamavskillar er kopla ut og eldstad er mura att, kan ein søke kommunen om fritak for gebyr. For levering av avfall på miljøstasjon eller avfallsanlegg, skal det betalast gebyr.

§17 Innkreving av gebyr

IATA krev inn renovasjons- og slamgebyr der kommunen sjølv ikkje utfører denne tenesten. Kommunen er klageinstans ved klage på renovasjonsgebyret etter forvaltningslova. Klage på innsamling og avfallshandtering handterast av IATA IKS.

§18 Gebyrfastsetting

Kommunestyret i kvar kommune vedtar kvart år eit gebyrregulativ for dei tenestene som er pålagt etter denne forskrift.

Gebyrsatsane skal fastsettast slik at abonnentane blir oppfordra til å redusere avfallsmengda, sortere i reine fraksjonar og medverke til effektiv innsamling og transport.

Abonnentar med avtale om heimekompostering etter § 12, får reduksjon i gebyr i høve til innspara kostnader.

Gebyr for tømning av slamavskillarar blir rekna etter tømt mengde. Gebyret blir rekna etter eit minstevolum på 4 m³. Ut over dette blir det fastsett trinn.

Gebyrplikt startar når bygg blir tatt i bruk, eller når det generer andre kommunale avgifter.

IATA IKS og kommunane kan gje fritak utan særskilt sakshandsaming i intill 1 år ved opphald på sjukeheim/institusjon.

§19 Tilleggsgebyr

Dersom abonnenten ikkje rettar seg etter pålegg gitt i medhald av denne forskrift, kan abonnenten bli pålagt ekstra gebyr. Gebyret skal dekke dei ekstra utgiftene selskapet får.



Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	49/21	16.06.2021

Vurdering av utvida samarbeid mellom tenestekontora i Vest-Telemark

Vedlegg

- 1 Oversikt - arbeidsoppgåver Nissedal Fyresdal og Tokke
- 2 Rapport - Vurdering av utvida samarbeid mellom tenestekontor

Saka er skrive av samhandlingskoordinator Kari Gro Espeland

Saksutgreiing:

Bakgrunn for saka:

Hausten 2020 tok Tokke kommune v/ordførerar initiativ til å vurdere eit utvida samarbeid mellom tenestekontora i Vest-Telemark. To av kommunane, dvs. Fyresdal og Nissedal takka ja til invitasjonen om å vera med på dette arbeidet. Målsetjinga var å få eit grunnlag for å vurdere kva for organisering og type samarbeid som vil vera mest hensiktsmessig i f.h.t. kvalitet og ressursutnytting ved tenestekontora.

På bakgrunn av dette, vart det sett ned ei i prosjektgruppe med fylgjande mandat:

Prosjektgruppa utarbeider grunnlagsdokument for vurdering av utvida samarbeid, ev. felles tenestekontor for kommunane Tokke, Fyresdal og Nissedal, med vurdering av mellom anna fylgjande område:

- Arbeidsoppgåver
- Organisering
- Ressursbruk

Prosjektgruppa står fritt til å koma med eiga tilråding.

Rapport frå arbeidet skal leverast administrasjonen i samarbeidskommunane innan 30.april 2021.

Vedlagt fylgjer rapporten frå dette arbeidet.

Fakta i saka:

Tenestekontora i kommunane Nissedal, Fyresdal og Tokke har tildeling av pleie –og omsorgstenester som hovudarbeidsoppgåve, i tillegg til ei rekkje andre oppgåver som går fram av vedlegg 2 til denne saka.

Tenestekontora har ei sjølvstendig rolle i kommunane og er ein viktig samarbeidspart og premisseleverandør både for administrativt og for utøvande nivå i kommunane, i tillegg til å vera ein viktig aktør i møte med innbyggjarane.

Dei tilsette ved tenestekontora har i dag eit uformelt samarbeid om faglege spørsmål og drøfting av anonyme saker. I samband med satsinga på velferdsteknologi i Vest-Telemark, har tenestekontora samarbeid om å utarbeidd felles kriteria for tildeling av velferdsteknologi.

Pleie –og omsorgstenestene (inkl. tenestekontora) i dei tre kommunane nyttar Profil, som mellom anna er eit fag –og dokumentasjonsprogram og ein kommunikasjonskanal både internt i kommunane og i dialog med eksterne aktørar. Sjølv om alle tre kommunane nyttar Profil, så er oppbygginga av programmet tilpassa lokale tilhøve og er dermed ulikt i bruk. Kommunevise statlege rapporteringar (KOSTRA og IPOLS) byggjer på data som er registert i Profil.

Vurdering:

Prosjektgruppa har lagt tre ulike nivå på samarbeid til grunn i si vurdering:

- drøfting av anonyme saker, uformelt ved behov (som nå) eller i faste møte
- samarbeid på systemnivå om utarbeiding av felles styringsverktøy/ kvalitetsstandardar, informasjonsmateriell og kompetanseheving
- alle søknader og arbeidsoppgåver vert handsama av ei felles eining/ vertskommunesamarbeid

Prosjektgruppa har vurdert dei ulike kategoriane med arbeidsoppgåver som vert utført på tenestekontora opp i mot dei tre valde nivåa på samarbeid. Dette er utfyllande beskrive i vedlagt rapport frå prosjektgruppa.

I flg. vedlagt rapport vurderer prosjektgruppa det slik, at eit samarbeid på systemnivå mellom tenestekontora vil ha praktisk nytteverdi for sakshandsamarane ved tenestekontora og medverke til kontinuitet og effektivitet i kvalitetsarbeidet i samsvar med Kvalitetsforskrifta og nasjonale retningslinjer. Samarbeidet vil mellom anna omfatte utarbeiding av kriteria for tildeling av tenester, kvalitetsstandardar og tenesteomtale/ innbyggjarinformasjon. Tenesteomtale og kriteria for tildeling av tenester vil vera viktig informasjon til innbyggjarane og medverke til å harmonisere forventingar hjå innbyggjarane, til det som er det reelle nivået på tenestane i kvar kommune. Sjølv om det vert samarbeidd på systemnivå, vil den einskilde kommune stå fritt til å tilpasse ulike styringsdokument til lokale tilhøve.

Eit uformelt samarbeid slik det er i dag, vert opplevd som nyttig og kan ev. vera eit supplement til eit meir strukturert samarbeid, sjølv om behovet for uformelt samarbeid truleg vil bli mindre dersom eit samarbeid på systemnivå vert etablert.

Eit vertskommunesamarbeid vil kunne ha fordelar med tanke på å samle fagkompetanse og unngå nære relasjonar mellom søkjar, pårørande og sakshandsamar, men eit vertskommunesamarbeid har store datatekniske og praktiske utfordringar, relatert til bruk av fagprogrammet Profil. Ein felles database i eit vertskommunesamarbeid vil ikkje kunne innfri kravet om kommunevis elektronisk rapportering i KOSTRA og IPLOS, og for å oppnå lik oppbygging av fagprogrammet i alle tre kommunane må det gjerast store og ressurskrevjande tilpassingar. I tillegg vurderer prosjektgruppa det slik, at tenestekontoret som ressurs for administrativ leiding i kommunane vil bli svekka ved eit vertskommunesamarbeid, og deltakarkommunane i samarbeidet vil måtte gje frå seg mynde innan for eit stort og viktig tenesteområde, medan ressursansvaret framleis ligg i den einskilde kommune. Ved eit vertskommunesamarbeid vil også tenestekontoret sin nærleik til, og dialog med, dei som utøver tenestane bli svekka samanlikna med slik det er i dag.

På bakgrunn av ei samle vurdering meiner prosjektgruppa at eit samarbeid på systemnivå vil vera mest hensiktsmessig. Eit slikt samarbeid vil utnytte den samla kompetansen som er på tenestekontora, og på sikt medverke til effektiv sakshandsaming og bruka av ressursar. Ved bruk av kriteria for tildeling av tenester, vil ein også redusere risikoen for at nære relasjonar påverkar sakshandsaminga og ha eit objektivt grunnlag for vurdering av klagesaker.

På bakgrunn av vedlagt rapport, vil rådmannen slutte seg til tilrådinga frå prosjektgruppa.

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre vedtek at

- Nissedal kommune blir med i eit formalisert samarbeid med tenestekontora i Tokke og Fyresdal, for på den måten å arbeide systematisk med kriteria for tildeling av tenester, kvalitetsstandard og tenesteomtale og leggje til rette for felles kompetanseheving i kommunane
- Kommunane Vinje, Seljord og Kviteseid vert invitert med i dette arbeidet
- Det vert nytta 20% prosjektstilling i eitt år til å koordinere samarbeidet mellom tenestekontora og til å utarbeide dokument til bruk i kommunane. Kostnadane vert delt mellom kommunane i samarbeidet
- Prosjektet skal evaluerast etter ½ år, med fokus på framdrift, resultat og ressursbehov, med rapport til politisk nivå
- Rådmennene i samarbeidskommunane har ansvar for at arbeidet vert sett i verk.

Oversikt over oppgaver lagt til tenestekontora i Tokke, Fyresdal og Nissedal:

	Tokke	Fyresdal	Nissedal
<u>Saksutgreiing m/ innstilling i saker som gjeld pleie –og omsorgstenester:</u> Ansvar for alt frå søknadsregistrering, innhenting av data/ heimebesøk, bruk av lovgrunnlag til innstilling. Tenestekontoret fattar ikkje endeleg vedtak. Sender ut vedtak og arkiverer.	x	X	X
<u>Saksutgreiing m/ vedtak i saker som gjeld pleie –og omsorgstenester:</u> Same ansvar som ved saksutgreiing m/ innstilling, men tenestekontoret har i tillegg fullmakt til å fatte vedtak. For nokre av tenestekontora vil begge kategoriane (saksutgreiing med og utan vedtak) vera aktuelle. (variasjon mellom kommunane i kva som saker som TK fettar vedtal eller tek veidare i T-møte	X		X
<u>Vederlagsbetaling:</u> Innhenting av opplysningar, berekning av brukarbetaling, utsending av vedtak. Bereknar fakturagrunnlag, etteroppgjer og justering av vedtak ved instiuasjonsopphald		X	X
<u>Fakturering av tenester</u> Heimehjelp, middag/ mat, alarmer, instituasjonsopphald, vask av tøy, ev. andre kommunaletenester		X	X
<u>TT-kort:</u> Sakshandsaming m/ vedtak, oppdatere kommuneoversikt.		X	X
<u>Ledsagerbevis:</u> Sakshandsaming med vedtak, oppdatere kommuneoversikt. Lage ledsagerbevis (kort).		X	X
<u>Parkeringsløyve:</u> Sakshandsaming med vedtak. Oppdatere kommuneoversikt hos Statens vegvesen. Lage parkeringskort.		X	X
<u>Støttekontakt og avlasting:</u>	x	x	x

Sakshandsaming og vedtak. Rekruttering, samle inn opplysningar til søknad om politiattest, inngå oppdragsavtaler og attestere timelister, ev. anna oppfølging. (Kommunale variasjonar i ansvarsområde.)			
<u>Individuell plan – Profil</u> Sakshandsaming med vedtak, oppdatere kommuneoversikt. Oppnemning av koordinator.	X	x	X
<u>Bistå leiarar ved søknad om og rapportering på:</u> IPLOS Psykisk utviklingshemma Ressurskrevjande tenester Kostra Kompetansetilskot	X	X	x
<u>Koordinerande eining:</u> Samordne tenester rundt einskild brukarar. Forløpskoordinator psykiatri og rus, koordinator habilitering og rehabilitering, oppdatere kommuneoversikt.	X	X	X
<u>Meldingsansvarleg:</u> Ta i mot, vidareformidle og svare på meldingar frå STHF saman med sjukepleietenesta. (Kommunale variasjonar.)	X	X	X
<u>Husleigeavtaler - trygde- omsorgsbustad.</u> Inngå og følgje opp husleigeavtaler (inn og utflytting). (Kommunale variasjonar.)	X	X	X
<u>Førebyggjande heimebesøk:</u> Innhente navn, planlegge besøk, sende invitasjon, gjennomføre besøk m/fysioterapeut, oppfølging.		x	
<u>Dagleg oppfølging av testing av tryggingssalarmar</u> Saman med heimetenesta			X
<u>Søke eller bistå ved søknad om verjemål</u>			x

<u>Diverse støttefunksjonar i ulike prosjekt</u>	x	x	X
<u>Profil:</u> Systemansvarleg, opplæring av tilsette (Kommunale variasjonar.)	X		X
<u>Demensteam</u>	x	X	x
<u>Velferdsteknologiprojektet</u> (Kommunale variasjonar.)	x	x	X
<u>Utarbeiding av prosedyrer/ kvalitetssikringssystem</u> (Kommunale variasjonar.)	X	X	X
<u>Informasjon</u> <u>Digital Innbyggjardialog</u>	X	X	X
<u>Hjelpemiddel</u> Hovudkontakt mellom fylkesnivå på tildeling av hjelpemiddel og lokale brukarar. I tillegg lokal kontaktperson for kognitive hejlepmeiddel, syn, hørsel og bevegelse			x
<u>Husbanken</u> <u>Kartlegging og vurdering i fht. tilretteleggingstilskot, startlån, utbedringstilskot</u>			x

Oppdatert 06.01.21. KGE

VURDERING AV UTVIDA SAMARBEID MELLOM TENESTEKONTOR

Eit samarbeid mellom kommunane Fyresdal, Nissedal og Tokke



Samandrag

Denne rapporten gjev kommunane eit grunnlag for å vurdere fordelar og ulemper ved ulike nivå på samarbeid mellom tenestekontora i Fyresdal, Nissedal og Tokke. Ansvar og arbeidsoppgåver er vurdert i forhold til uformelt samarbeid (som i dag), samarbeid på systemnivå og eit vertskommunesamarbeid.

Rapporten konkluderer med at eit samarbeid på systemnivå, dvs. samarbeid om utarbeiding av styringsverktøy som kvalitetsindikatorar, kriteria for tildeling av tenester og tenesteomtale vil vera mest tenleg for kommunane. Eit slikt samarbeid vil innebere god utnyttig av den fagkompetansen som er på tenestekontora og utvikle gode verktøy til bruk i den kommunale sakshandsaminga.

Forord	2
Innleiing	3
Mandat og tilråding	3
Prosjekt mål	3
Resultatmål	3
Effekt mål	3
Organisering av prosjektet	4
Prosjektleiing	4
Prosjektgruppe	4
Arbeidsgruppe	4
Nå-situasjonen	4
Tenestekontora si rolle i kommunane	4
Tal på saker og forventede befolkningsframskriving	5
Prosjektskildring	8
Juridiske og datatekniske tilhøve	8
Systematisering av ulike oppgåver/ ansvarsområde ved tildelingskontora	9
Vurdering av fordelar og ulemper ved ulike typar samarbeid	9
Vurdering av oppgåver/ ansvarsområde sett i f.h.t. ulike nivå på samarbeid	12
Samla vurderinga/ tilrådd nivå på samarbeid	13
Aktuelle interessentar	14
Kritiske suksessfaktorar	14
Oppsummering	14
Konklusjon og tilråding	15

Forord

Vurdering av utvida samarbeid mellom tenestekontora i Vest-Telemark har vore på dagsorden både i kommunalsjefforum og i samarbeidsmøte mellom tenestekontora tidlegare (2019). Nokre av kommunane opplevde då at det ikkje var rette tidspunktet for å starte eit slikt arbeid, og arbeidet med vart derfor sett på vent.

Hausten 2020 tok Tokke kommune ved ordførar initiativ til å vurdere eit utvida samarbeid mellom tenestekontora i Vest-Telemark, og Fyresdal og Nissedal stilte seg positive til å vera med på dette arbeidet.

Ei arbeidsgruppe med tilsette på tenestekontora, saman med samhandlingskoordinator har utarbeida eit grunnlag for vurdering av utvida samarbeid. Arbeidet er gjort i tett dialog med prosjektgruppa, som kjem med si innstilling til vidare arbeid i kommunane.

Takk til alle for godt samarbeid, for erfaringar som er delt og for innsatsen som er lagt ned for å skaffe eit godt faktagrunnlag for konklusjon og tilråding!

Kari Gro Espeland
Samhandlingskoordinator
Sykehuset Telemark HF og kommunane i Vest-Telemark

Innleiing

Tokke kommune ved ordførar tok hausten 2020 eit initiativ til å lage ei felles utgreiing om utvida samarbeid mellom tenestekontora i Vest-Telemark. Etter litt politiske og administrative sonderingar blei det sett ned ei prosjektgruppe med representantar frå kommunane Tokke, Fyresdal og Nissedal. Prosjektgruppa fekk i oppgåve å utarbeide eit grunnlag for å kunne vurdere eit utvida samarbeid mellom tenestekontora i dei tre kommunane.

Mandat og tilråding

Prosjektgruppa sitt mandat

Prosjektgruppa utarbeider grunnlagsdokument for vurdering av utvida samarbeid, ev. felles tenestekontor for kommunane Tokke, Fyresdal og Nissedal, med vurdering av mellom anna fylgjande område:

- *Arbeidsoppgåver*
- *Organisering*
- *Ressursbruk*

Arbeidsgruppa står fritt til å koma med eiga tilråding

Rapport frå arbeidet skal leverast administrasjonen i samarbeidskommunane innan 30. april 2021

Prosjektgruppa tolkar mandatet slik, at det omfattar oppgåver ved tenestekontora generelt, ikkje bare arbeidsoppgåver relatert til tildeling av pleie –og omsorgstenester.

På bakgrunn av mandatet gjev prosjektgruppa denne tilrådinga avslutningsvis i rapporten:

Prosjektgruppa rår kommunane til å formalisere eit samarbeid mellom tenestekontora i Tokke, Nissedal og Fyresdal, for på den måten å arbeide systematisk med kriteria for tildeling av tenester, kvalitetsstandard og tenesteomtale og leggje til rette for felles kompetanseheving i kommunane. Prosjektgruppa rår vidare til at tenestekontora i Vinje, Seljord og Kviteseid vert invitert med i dette arbeidet.

Prosjektmål

Resultatmål

Optimalisere samarbeidet mellom tenestekontora.

Målsetjinga inneber i praksis at rapporten frå dette arbeidet skal syne kva for organisering som vil vera mest hensiktsmessig i f.h.t. å oppnå best mogeleg kvalitet på tenestene og best mogeleg bruk av ressursane på tenestekontora.

Effektmål

- Samla kompetanse – større fagmiljø
- Unngå nære relasjonar mellom søkjar, pårørande og sakshandsamar
- Felles kriteria for tildeling av tenester/ lik praksis
- Brei vurdering av klagesaker

- Betre ressursutnytting

Organisering av prosjektet

Prosjektleder

Samhandlingskoordinator – Kari Gro Espeland

Prosjektgruppe

Samhandlingskoordinator (leder) – Kari Gro Espeland

Rådmannen i Fyresdal (medleder) – Une Marit Tangen

Kommunalsjef Tokke kommune – Ann Wraa

Einingsleder Nissedal kommune – Arne Hansen Espebu

Tenestekontoret Tokke – Birgith Stordrage

Tenestekontoret Fyresdal – Siv Skeimo Seltveit

Tenestekontoret Nissedal – Gunnhild Håtveit

Representant for dei tillitsvald, NSF Fyresdal – Christine Herregården Pedersen

Representant for vernetenesta, Nissedal – Torbjørg Johansen

Representant for brukarane, Tokke eldreråd – Tahar Haddad

Prosjektgruppa har hatt 4 møte på Teams, tidsramma har vore om lag 1 time per møte.

Arbeidsgruppe

Tilsette ved tenestekontora (dei same som i prosjektgruppa) saman med samhandlingskoordinator, har utgjort ei arbeidsgruppe. Arbeidsgruppa har utarbeidd utkast til rapport, som har blitt lagt fram for prosjektgruppa. Arbeidsgruppe har til saman hatt 3 møte a` 5 timar pluss eitt kort møte på Teams.

Nå-situasjonen

Tenestekontora si rolle i kommunane

Dei fleste kommunane etablerte tenestekontor, eller tildelingskontor, som nokre kommunar har valt å kalle det, i perioden 2011 – 2013. Dette vart mellom anna gjort for å imøtekoma kravet i Helse og omsorgstenestelova § 7.3 om koordinerande eining i kommunane. I tillegg var dette ein periode der Bestillar – utførarmodellen, med eit tydeleg skilje mellom forvaltning og utøvande nivå, stod på dagsorden i mange kommunar. I praksis innebar dette mellom anna at kommunane ynskte eit skilje mellom sakshandsamar og dei som utøver tenestene, primært for å unngå prinsippet om «bukken og havresekken».

Av praktiske årsaker har mindre kommunar vald å leggje fleire andre oppgåver til tenestekontora, og tenestekontora har på mange måtar fått ei sentra rolle i forvaltninga av kommunen sine pleie –og omsorgstenester. Tenestekontora har nå ei sjølvstendig rolle i kommunane og er ein viktig samarbeidspart og premissleverandør både for administrativt og for utøvande nivå i kommunane, i tillegg til å vera ein viktig aktør i møte med innbyggjarane. Kommunane har dei siste åra fått ansvar for fleire typar lovpålagte

tenester, som tidelegare var lagt til lokale NAV-kontor, og tenestekontora handsamar eit breitt spekter av søknader som gjeld innbyggjarar i alle aldersgrupper.

Tenestekontora i kommunane Nissedal, Fyresdal og Tokke har tildeling av pleie –og omsorgstenester som hovudarbeidsoppgåve, i tillegg til ei rekkje andre oppgåver. Dei tilsette ved tenestekontora har i dag eit uformelt samarbeid om faglege spørsmål og drøfting av anonyme sakar. I samband med satsinga på velferdsteknologi i Vest-Telemark, har tenestekontora samarbeid om å utarbeidd felles kriteria for tildeling av velferdsteknologi. Det er også etablert eit forum for samarbeid mellom tenestekontora og Sykehuset Telemark HF, der særleg samarbeid om utskrivingsklare pasientar er tema.

Pleie –og omsorgstenestene (inkl. tenestekontora) i dei tre kommunane nyttar Profil, som er eit fag –og dokumentasjonsprogram og ein kommunikasjonskanal både internt i kommunane og i dialog med eksterne aktørar, mellom anna er elektronisk rapportering til nasjonale myndigheiter basert på registreringane som er gjort i Profil. Programmet omfattar arkiv og pasientjournal og er kommunen sitt samla dokumentasjonsprogram innan pleie –og omsorg. Profil omfattar modular for sakshandsaming, vederlagsbetaling, fakturering, rapportering og statistikk, samt elektronisk samhandling både internt i kommunen og i dialog med sjukehuset, og med andre eksterne aktørar (t.d. fastlegar i andre kommunar). Sjølv om alle tre kommunane nyttar Profil, så er oppbygginga av programmet tilpassa lokale tilhøve og er dermed ulikt i bruk.

I tillegg til sakshandsaming og tildeling av tenester har tenestekontora ei rekkje oppgåver som går fram av vedlegg til denne rapporten.

For å utføre desse oppgåvene har tenestekontora i dei tre kommunane fylgjande bemanning:

Nissedal	2 årsverk
Fyresdal	1 årsverk
Tokke	1 årsverk

Tal på saker og forventa befolkningsframskriving

Oversikt over tal på ulike typar sakar som vart handsama ved tenestekontora i perioden 2018 - 2020:

Type saker	Nissedal			Fyresdal			Tokke		
	2018	2019	2020	2018	2019	2020	2018	2019	2020
<u>Søknad om helsetenester i heimen:</u>									
• Heimesjukepleie	110	110	96	70	60	82	91	86	151
• Heimehjelp	70	43	19	20	22	24	48	22	41
• Praktisk bistand – opplæring	1	1	1	0	0	0	0	0	0
• Psykisk helse	8	11	18	14	21	14	88	59	98
<u>Søknad om institusjonsopphald:</u>									
• Korttidsopphald – rehabilitering	11	18	20	11	12	4	0	0	0
• Korttidsopphald – utredning/ behandling	20	5	2	20	8	13	11	10	3
• Korttidsopphald – anna	22	36	21	7	8	17	44	62	76
• Avlastning – institusjon	10	3	1	7	14	11	4	7	6
• Langtidsopphald	2	5	5	4	5	7	7	11	11
• Dagopphald	1	0	0	3	0	0	4	7	11

Type saker	Nissedal			Fyresdal			Tokke		
	2018	2019	2020	2018	2019	2020	2018	2019	2020
Berekne og justere, samt foreta slutt – og etteroppgjør ved institusjonsopphald	49	68	75	57	111	92	62	66	74
Fatte vedtak om betalingsattsar på andre fakturerbare tenester	90	98	104	144	20	93	87	47	94
Søknad om omsorgsbustad	1	2	1	1	2	1	4	6	11
Søknad om trygdebustad/aldersbustad	2	2	0	2	5	4	10	15	7
Søknad om vask av privat tøy	1	0	0	4	2	3	1	0	0
Søknad om individuell plan	1	1	5	0	0	1	1	2	1
Søknad om brukarstyrt personleg assistent	1	1	3	0	0	1	1	1	0
Søknad om støttekontakt	1	6	4	11	16	16	22	14	17
Søknad om avlastning utanfor institusjon	1	5	8	10	11	13	1	0	0
Søknad om omsorgsstønad	1	1	1	4	6	4	8	8	3
Søknad om andre tenester:									
• TT-kort (tilrettelagt transport)	0	0	0	0	2	1	0	0	0
• Ledsagerbevis	0	0	21	5	2	3	0	0	0
• Handicapparkering	0	0	5	4	6	6	0	0	0
• Middag til heimebuande	12	13	3	23	18	14	15	23	27
• Lunsj og kveldsmat til heimebuande	0	0	0	2	2	3	3	1	7
Søknad om tryggleiksalarm	21	7	6	15	29	22	19	15	34
Handsaming av klagesaker	2	2	4	0	2	1	11	16	19
Samla tal på saker per år i perioden 2018 – 2020	440	432	421	300	372	357	594	472	617

Tilsette på tenestekontora er i tett dialog med søkjar under handsaming av søknader, slik at ein gjennom dialog unngår ein del klagesaker, sjølv om tenester vert gjeve på eit lågare nivå enn det som det opphaveleg vart søkt om. Dette inneber at talet på klagesaker er langt lågare enn talet på saker der søknaden ikkje vert i møtekomen med dei tenester det vert søkt om. Oversikt over søknader som vert delvis imøtekome går ikkje fram av den statistikken som er tilgjengeleg i Profil.

Tenestekontora har rutinar for oppfølging/ evaluering av vedtak som er fatta og tek aktivt del i dette arbeidet saman med brukarar og ev. pårørande i eit tverrfagleg samarbeid med dei som utøver tenestane. I saker relatert til ungar og unge vaksen omfattar samarbeidet også andre aktørar som t.d. grunnskule/ vidaregåande skule, barnehage og arbeidsplass, samt spesialisthelsetenesta.

Tabellen under gjev ein oversikt over aktive saker per 31.12.2020, dvs. tal på personar som får ulike typar tenester på dette tidspunktet. Det går ikkje fram av oversikta kor mange personar det er som er mottakar av fleire typar tenester.

Vurdering av utvida samarbeid mellom tenestekontor

Aktive vedtak per 31.12.2020.	Nissedal	Fyresdal	Tokke
<u>Vedtak om helsetenester i heimen:</u>			
• Heimesjukepleie	58	75	69
• Heimehjelp	47	45	69
• Praktisk bistand – opplæring	11	0	8
• Psykisk helse	25	23	106
<u>Vedtak om institusjonsopphald:</u>			
• Korttidsopphald – rehabilitering	3	2	0
• Korttidsopphald – utredning/ behandling	0	0	0
• Korttidsopphald – anna	3	1	7
• Avlastning – institusjon	3	3	3
• Langtidsopphald	14	14	21
• Dagopphald	0	0	3
Tal på brukarar med vedtak om vederlagsbetaling	16	14	21
Tal på brukarar med andre fakturerbare tenester	97	115	94
Vedtak om omsorgsbustad	9	20	21
Vedtak om trygdebustad/ aldersbustad	9	11	22
Vedtak om vask av privat tøy	0	2	1
Vedtak om individuell plan	9	6	2
Vedtak om brukarstyrt personleg assistent	3	0	2
Vedtak om støttekontakt	7	16	14
Vedtak om avlastning utanfor institusjon	4	3	1
Vedtak om omsorgsstønad	2	2	5
<u>Vedtak om andre tenester</u>			
• TT-kort (tilrettelagt transport)	0	7	0
• Ledsagerbevis	14	8	0
• Handicapparkering	5	20	0
• Middag til heimebuande	13	19	25
• Lunsj og kveldsmat til heimebuande	1	4	14
Vedtak om tryggleiksalarm	30	43	74
Klagesaker til handsaming	0	0	19
Tal på aktive saker samla per 31.12.2020.	383	453	601

Fylgjande tabell syner forventa framskrivning av alderssamansetninga/eldre over 67 år i perioden 2025 til 2040:

Kommune	Aldersgrupper	2020	2025	2035	2040
Nissedal	67 til 79 år	214	255	277	289
	80 til 89 år	59	76	140	155
	90 år eller eldre	15	16	26	43
Fyresdal	67 til 79 år	235	213	235	232
	80 til 89 år	54	79	109	129
	90 år eller eldre	15	10	26	33
Tokke	67 til 79 år	300	347	378	368
	80 til 89 år	121	121	184	208
	90 år eller eldre	30	25	32	43

Tenestekontora fattar også vedtak som gjeld barn, unge og vaksne under 67 år. Fylgjande tabell syner vedtak fordelt på aldersgrupper i 2020.

	0 - 20 år	21 – 67 år	Over 67 år
Nissedal	25	67	329
Fyresdal	33	106	285
Tokke	73	195	558

Prosjektskildring

Arbeidsgruppa har lagt fylgjande tilnærming til grunn i arbeidet

- Avklare juridiske og datatekniske tilhøve
- Systematisere/ kategorisere ulike typar arbeidsoppgåver ved tenestekontora
- Definere fordelar og ulemper ved ulike typar samarbeid
- Vurdere ulike arbeidsoppgåver i f.h.t. ulike typar samarbeid
- Gjere ei samla vurdering som grunnlag for å tilrå modell for samarbeid

Juridiske og datatekniske tilhøve

I flg. KS-Advokatene er det ingen openbare juridiske hindringar for å etablere eit vertskommunesamarbeid mellom tenestekontora. Vertskommunesamarbeid er ei samarbeidsform som er utvikla for samarbeid om lovpålagte oppgåver og utøving av offentleg mynde. Unntaket for å kunne nytte eit vertskommunesamarbeid er ei presisering i det aktuelle lovgrunnlaget, om at kommunestyret *sjølv* skal fatte vedtak, dvs. at kommunestyret kan ikkje delegere mynde til andre, heller ikkje internt i eigen kommune. Dette unntaket er ikkje relevant, når det gjeld spørsmålet om å organisere tenestekontora i eit vertskommunesamarbeid.

Drøfting av anonyme saker eller etter samtykke, og samarbeid på systemnivå vil heller ikkje bli omfatta av juridiske avgrensingar.

Alle tre kommunane har fagprogrammet Profil, men sidan det er ulik serverdrift, er ein felles database for dei tre kommunane ikkje mogeleg. Alle tenestekontora kan ha tilgang til kvarandre sine databaser, men det vil vera tungvint, og krev inn-logging på to ulike driftsserverar (AspiT og VTDS). Sidan fagprogramma har ulik oppbygging i dei tre kommunane, vil det vera uoversiktleg for brukarane av programmet og det vil vera risiko for at viktig pasientinformasjon ikkje blir fanga opp. Dette utfordringsbilde vil ikkje påverke eit uforpliktande samarbeid mellom tenestekontora, eller samarbeid på systemnivå, då dette ikkje krev tilgang til fagprogram i andre kommunar.

Tilgang til felles fagprogram vil derimot vera ein føresetnad for at eit ev. vertskommunesamarbeid skal kunne fungere optimalt eller etter hensikta. Utfordringa med felles fagprogram vert ytterlegare forsterka på grunn av krav om *kommunevis elektronisk rapportering*. Svaret frå Visma til kommunane stadfestar dette «rapporteringsmessige problemstillinger (IPLOS etc) taler nok for at det må være tre separate Profil-databaser for hver kommune».

Sjølv om alle tre kommunane har Profil, har dei valt ulik oppbygging av programmet, og ei harmonisering av dette vil vera eit særskilt omfattande og kostnadskrevjande prosess. Sidan den praktiske utøvinga av enkeltvedtak og aktivt bruk av fagprogrammet føregår i den einskilde kommune, vil dette medføre store

endringar i bruken av programmet for alle involverte i kommunane, både internt i pleie og omsorgstenesta og i samhandling med til dømes helseføretaket og den kommunale legetenesta.

Ei ev. tilpassing av fagprogrammet Profil til ein felles struktur i ulike databaser, vil derfor vera ei stor utfordring, vera kostnadskrevjande og krevje store tilpassingar og opplæring hjå dei som nyttar programmet.

Systematisering av ulike oppgåver/ ansvarsområde ved tildelingskontora

I arbeidet med kartlegging av nå-situasjonen, har arbeidsgruppa kome fram til fylgjande kategoriar av arbeidsoppgåver som bør vurderast med tanke på utvida samarbeid mellom kommunane:

- Handsame søknader om pleie –og omsorgstenester ut i frå ei helsefagleg og juridisk vurdering
- Handsame klagesaker
- Sakshandsame og berekne vederlagsbetaling, justere vederlag og foreta sluttoppgjer og etteroppgjer
- Fakturere tenester
- Utarbeide rapporteringsgrunnlag (IPLOS, KOSTRA, tilskot psykisk utviklingshemma, kompetansemiddlar og ressurskrevjande tenester)
- Søke om tilskot
- Systemansvarleg fagprogram/ opplæringsansvar (Profil)
- Fastsetje nivå på tenester/ utarbeide styringsdokument
- Vurdering av behov for hjelpemiddel, utarbeiding av søknader og oppfølging av brukarar med vedtak om hjelpemiddel
- Kommunale støtteordningar til tilrettelegging av bustad, relatert til helsesvikt (tidlegare husbankordningar)

Vurdering av fordelar og ulemper ved ulike typar samarbeid

Nivå på samarbeid	Fordeler	Ulemper
<p>Nivå 1 Drøfting av saker, ved behov eller i faste møte.</p> <p>Kommunen har ressursansvar og vedtaksmynde.</p> <p>Alle søknader og arbeidsoppgåver vert handsama og utført i den einskilde kommune.</p>	<p>Drøfting av saker vil gje grunnlag for meir objektiv tilnærming og breiare grunnlag for å fatte vedtak. Særleg relevant ved søknader om omfattande og langvarige tenester.</p> <p>Generell nytteverdi av å drøfte saker, dele kompetanse og samarbeide om å fastsette nivå på tenester.</p> <p>Å ha sakshandsamar i søkjar sin kommune, vil sikrar kontinuitet og meir føreseieleg saksbehandling, samstundes som nærleiken til pasient og pårørande blir ivaretatt.</p>	<p>Ved vidareføring av gjeldande praksis, vil det vera opp til sakshandsamar å ta initiativ til drøfting av saker. Sjølv om nasjonal veileder for saksbehandling blir lagt til grunn, vil ein mangle lokale standardar og tildelingskriteria, og kontakten mellom tenestekontora vil vera «tilfeldig».</p> <p>Faste møte vil sikre ei breiare vurdering av saker, men vera meir tidkrevjande enn møte ved behov.</p>

Nivå på samarbeid	Fordeler	Ulemper
	Samarbeidet er uforpliktande og kommunen har sjølvsendig mynde til å fatte vedtak.	
<p>Nivå 2 Kontinuerleg forbetningsarbeid gjennom samarbeid på systemnivå</p> <p>Utarbeide felles styringsverktøy/ kvalitetsstandard for tildeling av tenester i kommunane.</p> <p>Felles kompetanseheving og bruk av juridisk kompetanse for drøfting av kompliserte problemstillingar.</p> <p>Utarbeide tenestekomtale/ felles informasjon til innbyggjarane.</p> <p>Alle søknader og arbeidsoppgåver vert handsama i den einssilde kommune.</p> <p>Kommunen har ressursansvar og vedtaksmynde.</p>	<p>Felles styringsverktøy vil leggje grunnlag for mest mogeleg likt nivå på tenestene både internt i den einssilde kommune og på tvers av kommunane.</p> <p>Kvalitetsstandard og tenestekomtale vil medverke til å avklare forventningar og setje minstestandar for skjønnsutøving og gje meir føreseielege tenester.</p> <p>Felles utarbeida kvalitetsstandarar vil synleggjera beste effektive omsorgsnivå («omsorgstrappa») som grunnlag for tildeling av dei kommunale tenestene.</p> <p>Felles lokalt tilpassa kompetanseheving/ felles kompetanseplan for tenestekontora vil vera økonomisk lønsamt for kommunane.</p> <p>Redusere konsekvensen av nærleik/ relasjonar mellom søkjar og sakshandsamar</p> <p>Effektivt som grunnlag for sakshandsaming.</p> <p>Styringsverktøy/ kvalitetsstandard kan tilpassast og vert vedtate av den einssilde kommune.</p> <p>Eit samarbeid på systemnivå vil kunne medverke til å realisere kvalitetsreforma si intensjon om nærleik og føreseielege tenester.</p>	<p>Vil vera tidkrevjande og det må setjast av ressursar til å utarbeide felles styringsverktøy, tildelingskriteria og tenestekomtale/ innbyggjarformasjon.</p>

Nivå på samarbeid	Fordeler	Ulemper
	<p>Formalisert samarbeid mellom tenestekontora vil opplevast positiv og vera ein styrke for dei tilsette ved tenestekontora.</p>	
<p>Nivå 3 Vertskommunesamarbeid</p> <p>Alle søknader og arbeidsoppgåver vert handsama av ei felles eining.</p> <p>Vedtaksmynde og personalansvar er delegert til ein vertskommune.</p> <p>Ressursansvaret er framleis hjå den einskilde kommune.</p>	<p>Større fagmiljø og mindre sårbart ved fråvær.</p> <p>Den einskilde tilsette vil kunne «spesialisere» seg på ulike saker/ oppgåver.</p>	<p>Det vil vera tidkrevjande og det må setjast av ressursar til etablering av felles tenestekontor inkl. harmonisering av rutinar, utarbeiding av felles styringsverktøy, tildelingskriteria og informasjon til innbyggjarane.</p> <p>All mynde i saker som vert handsama på tenestekontoret vert delegert til vertskommunen frå den kommunen som eig ressursane og som utøver tenestene.</p> <p>Det vil vera store avstandar mellom deltakarkommunane og tenestekontoret i vertskommunen.</p> <p>Tenestekontoret si rolle overfor både administrasjon og dei utøvande tenestene i deltakarkommunane vil bli svekka.</p> <p>Manglande samsvar mellom tildelte teneste og tilgang på tenester og ressursar i den einskilde kommune vil kunne vera ei utfordring.</p> <p>Lange avstandar i samband med heimebesøk vil krevje ressursar.</p> <p>Lang arbeidsveg for tilsette.</p> <p>Ved fysisk plassering av tenestekontoret i ein</p>

Nivå på samarbeid	Fordeler	Ulemper
		<p>vertskommunen vil det vera vanskeleg for innbyggjarar i deltakarkommunane å møte opp på tenestekontoret.</p> <p>Eit vertskommunesamarbeid vil ikkje byggje opp under kvalitetsreforma si intensjon om nærleik og føreseielege tenester.</p> <p>IT-teknisk vil alternativet med to ulike driftsmiljø gjere det tungvindt pga. fleire innloggingar.</p> <p>Ulik oppbygging av Profil vil gjera sakshandsaming og informasjonsflyt uoversiktleg og auke risikoen for feil i utøving av tenesta.</p> <p>Å byggje om tre ulike Profildatabaser til ei identisk lik oppbygging i alle kommunane, vil vera ein svært omfattande og kostnadskrevjande prosess for alle tre kommunane.</p> <p>Å erstatte tre Profil-databaser med ein felles database for tre kommunar vil ikkje vera mogeleg p.g.a. krav om kommunevis rapportering (KOSTRA og IPLOS) på bakgrunn av data som er registerert i Profil.</p>

Vurdering av oppgåver/ ansvarsområde sett i f.h.t. ulike nivå på samarbeid

Samarbeid mellom tenestekontora vert kategorisert i fylgjande nivå:

0 = ikkje relevant med samarbeid

1 = drøfting av anonyme saker, uformelt ved behov (som nå) eller i faste møte

2 = samarbeid på systemnivå for utarbeiding av felles styringsverktøy/ kvalitetsstandardar, informasjonsmateriell og kompetanseheving

3 = alle søknader og arbeidsoppgåver vert handsama av ei felles eining/ vertskommunesamarbeid

Tabellen under syner prosjektgruppa si vurdering av kva som vil vera det optimale nivået på samarbeid innan dei ulike kategoriane med arbeidsoppgåver. Grunngeving for val av samarbeidsnivå går fram av tabellen over, som syner fordelar og ulemper ved ulike nivå på samarbeid.

Kategoriar arbeidsoppgåver	Tilrådd nivå på samarbeid
Sakshandsame søknader om pleie –og omsorgstenester	1 og 2
Sakshandsame klagesaker	1 og 2
Fastsetje nivå på tenester	2
Sakshandsame og berekne vederlagsbetaling, justere vederlag og foreta sluttoppgjer og etteroppgjer	2
Fatte vedtak om betalingsatts på andre fakturerbare tenester	0
Utarbeide rapporteringsgrunnlag (IPLOS, KOSTRA, tilskot psykisk utviklingshemma, kompetansemiddlar og ressurskrevjande tenester)	0
Søke om tilskot	1 og 2
Systemansvar og opplæring i fagprogram (Profil)	0
Vurdering av behov for hjelpemiddel, utarbeiding av søknader og oppfølging av brukarar med vedtak om hjelpemiddel	1
Kommunale støtteordningar for tilrettelegging av bustad, relatert til helsesvikt (tidlegare husbankordningar)	1 og 2

Samla vurderinga/ tilrådd nivå på samarbeid

Nivå 1 er ei beskriving av uformelt samarbeid slik det er i dag, men tek også høgde for at dette kan organiserast med faste samarbeidsmøte, for å drøfte enkelt saker og problemstillingar. Dette samarbeidet vert opplevd som nyttig og kan ev. vera eit supplement til eit meir strukturert samarbeid på nivå 2, sjølv om behovet for uformelt samarbeid truleg vil bli mindre dersom nivå 2 vert realisert.

Nivå 2 dvs. samarbeid på systemnivå om utarbeiding av kvalitetsstandardar og felles styringsverktøy, vil ha stor nytteverdi for sakshandsamarane ved tenestekontora. Eit slikt samarbeid vil også kunne gje eit godt grunnlag for handtering av klagesaker. Tenesteomtale/ kriteria for tildeling av tenester vil vera viktig informasjon til innbyggjarane og medverke til å harmonisere forventingar hjå innbyggjarane, til det som er det reelle nivået på tenestane. Eit formalisert samarbeid på systemnivå vil fungere som eit viktig fagfora for tilsette på tenestekontora og medverke til eit systematisk arbeid med kompetanseheving, tenesteutvikling og kvalitet i samsvar med Kvalitetsforskrifta og nasjonale retningslinjer. Systematisk kartlegging, oppfølging og samanheng i tenestene er også vektlagt i St. meld. 15 Leve hele livet - En kvalitetsreform for eldre, samt fleire andre relevante handlingsplanar og reformar.

Nivå 3 dvs. vertskommunesamarbeid har store datatekniske og praktiske utfordringar relatert til bruk av fagprogrammet Profil, og vil ikkje kunne innfri kravet om kommunevis elektronisk rapportering i KOSTRA og IPLOS. Tenestekontoret som ressurs for administrativ leiing i kommunane vil bli svekka ved eit vertskommunesamarbeid, og deltakarkommunane i samarbeidet vil måtte gje frå seg mynde innan for eit stort og viktig tenesteområde, medan ressursansvaret framleis ligg i den einskilde kommune. Ved eit vertskommunesamarbeid vil også tenestekontoret sin nærleik til, og dialog med, dei som utøver tenestane bli svekka samanlikna med slik det er i dag.

På bakgrunn av ei samle vurdering meiner prosjektgruppa at eit samarbeid på systemnivå er det som best vil i møtekomma effektmåla for prosjektet. Eit slikt samarbeid vil utnytte den samla kompetansen som er på tenestekontora, og på sikt medverke til effektiv sakshandsaming/ bruka av ressursar. Ved bruk av kriteria for tildeling av tenester, vil ein redusere risikoen for at nære relasjonar påverkar sakshandsaminga og ha eit grunnlag for vurdering av klagesaker.

Uavhengig av val av modell for samarbeid må personvern/GDPR alltid stå i fokus og bli tatt omsyn til arbeidet.

Aktuelle interessentar

Fylgjande grupper vil kunne bli omfatta av eit ev. utvida samarbeid mellom tenestekontora

- Tilsette ved tenestekontora
- Andre tilsette i kommunane, sektorleiarar, avdelingsleiarar og interne samarbeidspartar
- Innbyggjarar/ søkjarar

Tilsette og brukarar har vore representert i prosjektgruppa gjennom tillitsvald, verneombod og brukarrepresentant, og vore delaktige i prosjektgruppa si innstilling. NSF har gjeve ei eiga uttale, der dei sluttar seg til konklusjonen i rapportet.

Kvar kommune må etter nærare vurdering sørge for at tilsette og ev. samarbeidspartar får høve til å uttale seg, før saka skal avgjerast i kommunane.

Kritiske suksessfaktorar

Kritiske suksessfaktorar for å lykkast med utvida samarbeid, vil vera avhengig av kva for nivå på samarbeidet som blir vald. Dersom kommunane vedtek eit formalisert samarbeid mellom tenestekontora på nivå 2, vil fylgjande faktorar vera avgjerande for å lykkas:

- Tilstrekkeleg ressurs til organisering og koordinering av arbeidet
- Ein tydeleg framdriftsplan med mål og tidsrammer
- Tilstrekkeleg ressursar til samordning av tenestene gjennom utarbeiding av felles styringsverktøy
- Involvering av tilsette
- Informasjon og dialog med innbyggjarar og interne samarbeidspartar

Oppsummering

Arbeidsgruppa som vart sett ned for å koma med utkast til rapport, har hatt fokus på å leggje fram faktagrunnlag og vurdere konsekvensar ved ulike typar samarbeid. Innleiingsvis i arbeidet vart eit vertskommunesamarbeid vurdert som eit mogeleg alternativ, og det vart sett nærare på fordelar og ulemper ved ei slik organisering. Etter å ha vore i dialog både med Visma og kommunane sine to IT-driftsmiljø syner det seg at datatekniske utfordringar er til hinder for eit vertskommunesamarbeid, primært pga. statens krav om kommunevis elektronisk rapportering, ut i frå registrerte data i Profil. Prosjektgruppa har derfor kome fram til at eit samarbeid på nivå 3 ikkje er eit mogeleg alternativ.

Gjennom arbeidet med rapporten har likevel behovet for eit samarbeid på systemnivå kome tydeleg fram, og ein ser både behovet for, og gevinstar av, eit formalisert samarbeid innan tenesteutvikling og kvalitet.

Det har også vore interessant for arbeidsgruppa å synleggjere omfanget og å samanlikne arbeidsoppgåvene ved dei tre tenestekontora, det er såleis lagt eit godt grunnlag for vidare samarbeid.

Prosjektgruppa har ikkje konkludert når det gjeld ressursbruk til dette arbeidet, men oppmodar kommunane om å vurdere dette nærare ut i frå lokale tilhøve.

Konklusjon og tilråding

Prosjektgruppa rår kommunane til å formalisere eit samarbeid mellom tenestekontora i Tokke, Nissedal og Fyresdal, for på den måten å arbeide systematisk med kriteria for tildeling av tenester, kvalitetsstandard og tenesteomtale og leggje til rette for felles kompetanseheving i kommunane. Prosjektgruppa rår vidare til at tenestekontora i Vinje, Seljord og Kviteseid vert invitert med i dette arbeidet.



Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	50/21	16.06.2021

DigiTV hovudprosjekt

Vedlegg

- 1 Vedlegg 1. DigiTV samarbeidsavtale_
- 2 Vedlegg 2. DigiTV visjon og prosjektstrategi_
- 3 Vedlegg 3 Organisering og finansiering av DigiTV Hovedprosjekt

Saksframstilling

Sammendrag:

Formål for DigiTV hovedprosjekt er å etablere et strategisk og operativt samarbeid innen digital transformasjon, digitalisering og tjenesteutvikling mellom kommunene og fylkeskommunen i regionen. Det skal skapes gjensidig nytte for de involverte kommunene/fylkeskommunen ved a) felles utvikling av innovative løsninger og tjenester, b) felles mottak av nasjonale fellestjenester og c) kompetansedeling. Samlet vil dette gi deltagerkommunene styrket kompetanse og gjennomføringskraft. Visjonen er **helhetlige, likeverdige og bærekraftige tjenester** til innbyggere og næringsliv i Vestfold og Telemark, uavhengig av hvilken kommune de bor i.

DigiTV skal organiseres som en nettverksorganisasjon basert på vedlagte forslag til samarbeidsavtale. I første omgang er dette snakk om et to-års hovedprosjekt med en prosjektorganisasjon. Tønsberg kommune vil være vertskommune for DigiTV hovedprosjekt. Det vil i 2023 bli lagt frem forslag til fast drift.

Deltagelse er frivillig, og deltagerkommunene vil få tilgang til:

- Kompetanseløft innen digital transformasjon.
- Felles regional utvikling av nye løsninger og tjenester.
- Deltagelse på felles faglige arenaer.
- Tilgang til felles ressurser.
- Oppdatert innsikt og kunnskap fra nasjonale arenaer.
Mat og servering: Mesteparten av beløpet, er bevertning ved deltaking på NKRF si kontrollutvalskonferanse. Når bevertning er spesifisert på rekninga skal det først som det, og ikkje opplæring. Dette var ikkje sekretariatet klar over når budsjettforslaget for 2020 blei utarbeida.

Kurs og opplæring: Pandemien førte til at kurstilbodet blei sterkt redusert og utgiftene til denne posten er dermed langt lågare enn budsjettet.

Totalt viser rekneskapen eit mindreforbruk samanlikna med budsjettet på kroner 52 004 kroner.



4. Samansetjing av kontrollutvalet

Krav til sjølvstende og nøytralitet i kontrollutvalet sitt arbeid fører til at medlemmane i utvalet ikkje kan ha verv som kan komme i konflikt med arbeidet i kontrollutvalet. Difor er det strenge krav for å vere valbar for medlemmane av kontrollutvalet jf. kommunelova § 23-1 tredje ledd.


Val av kontrollutvalet skal skje på det konstituerande møtet før val av andre utval. Utvalet skal ha minst fem medlemmar og minst ein av desse skal veljast blant kommunestyret sine medlemmar. Leiaren av utvalet kan ikkje vere medlem av same parti eller høyre til same gruppe som ordføraren. Kommunestyret kan foreta nyval av kontrollutvalet sine medlemmar i valperioden, men då må heile utvalet veljast på nytt.

FASTE MEDLEMMAR

Leiar	Øyvind Tveit (KrF)
Nestleiar	Simone Buyck (Ap)
Medlem	Ove Flataker (Sp)
Medlem	Cecilie Hellum (Sp)
Medlem	Kim Jørgen Berntsen (Ap)

VARAMEDLEMMAR

Vara for Tveit:	Magne Fjelløy (Sp)
Vara for Buyck:	Kirsten Jensby (Ap)
Vara for Flataker:	Inge Audun Dahle (Sp)
Vara for Hellum:	Astrid Eidem Nordal (KrF)
Vara for Berntsen:	Kjell Asbjørn Solberg (Ap)



5. Kompetanse og opplæring

Det vert stilt stadig større krav og forventningar til kontrollutvalet sin kompetanse, både frå det politiske miljøet og kommunen sine innbyggjarar. Kunnskap om kontrollutvalet si rolle, oppgåver og lovverk er nødvendig for å utføre dei oppgåvene som går fram av lov og forskrift.

Opplæring og kursverksemd skjer lokalt eller gjennom sentrale tilbud. Kontrollutvalet vert kvart år invitert til Kontrollutvalgskonferansen i regi av Norges kommunerevisorforbund (NKRF) og Fagkonferansen i regi av Forum for kontroll og tilsyn (FKT). Lokalt arrangerer VETAKS vanlegvis to årlege samlingar: Ein på våren og ein på hausten. Dette er viktige samlingar for å tilføre kontrollutvalet sine medlemmar ny kunnskap, og det er arenaer der kontrollutvalsmedlemmar møtest og drøfter saker og arbeidsmetodar. Det blir vidare gitt opplæring i ulike tema i kontrollutvalet sine møte frå sekretariatet, revisjonen og administrasjonen.

Øyvind Tveit, Simone Buyck, Cecilie Hellum og Kim Jørgen Berntsen deltok på NKRF sin kontrollutvalgskonferanse på Gardermoen 29.-30.01.2020.

Hovedtemaene på konferansen var:


- Politikarhets
- Reint drikkevann - kva gjekk gale?
- Bærekraft i eit revisjonsperspektiv
- Personvern i kommunane
- Bompengeselskapa

FKT sin fagkonferanse 3.-4.06.2020 og VETAKS sin vårkonferanse blei avlyst på grunn av Covid-19.

VETAKS gjennomførte haustkonferansen digitalt den 11.11.2020. Kim Jørgen Berntsen, Simone Buyck og Øyvind Tveit deltok. Temaet for haustkonferansen var: «Noen ganger går det galt» med Boligbygg-saken i Oslo som eksempel.

Kontrollutvalet ønskjer å halde kurs- og konferanseaktiviteten ved lag i det kommande året.





6. Sekretariat

Kontrollutvalssekretariatet er støttespelar for kontrollutvalet og er viktig for eit godt og effektivt kontrollarbeid i utvalet. Sekretariatet skal etter kommunelova § 23-7 andre ledd sjå til at dei sakene som vert handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidde og at utvalet sine vedtak vert iverksett. Sekretariatet hjelper vidare kontrollutvalet med mellom anna oppgåver knytt til administrasjon, rådgiving og koordinering. I det daglege arbeidet er sekretariatet bindeleddet mellom kontrollutvalet, revisjonen og administrasjonen, og utfører oppgåver på vegner av kontrollutvalet.

Kommunen er medeigar i, og kontrollutvalet får sekretariathjelp frå Vestfold, Telemark og Agder kontrollutvalgssekretariat IKS (VETAKS). Kostnadene for sekretariatet sine tenester vert fordelte etter eigen fordelingsnøkkel.

Med oppdrag for 34 kommunar og 2 fylkeskommunar i Agder og Vestfold og Telemark er VETAKS det største kontrollutvalssekretariatet i landet. Sekretariatet har 10 årsverk. Sekretærene har kompetanse innan statsvitskap, jus og økonomi. Dagleg leiar er Line Bosnes Hegna. Sekretær for kontrollutvalet i 2020 var Ingebjørg Liland og Helga Raudsandmoen.

Sekretariatet er sjølvstendig i høve til kommunen sin administrasjon og den eller dei som utfører revisjon for kommunen. Det er strenge grenser for kven som kan vere tilsette i sekretariatet. Den som utfører sekretariatsoppgåver for kontrollutvalet, er direkte underordna kontrollutvalet og skal følgje dei retningslinene og pålegga som utvalet gir.

Sekretariatet si heimeside er www.vetaks.no. Her finn de ytterlegare informasjon om kontrollutvalet og sekretariatet.



7. Revisjon


Kommunen er medeigar i, og har avtale om levering av revisjonstenester frå Vestfold og Telemark revisjon IKS. Selskapet utfører rekneskapsrevisjon, forenkla etterlevingskontroll, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for kommunen. I tillegg kan revisor utføre andre oppdrag etter avtale.

Selskapet leverer revisjonstenester til 23 kommunar og 1 fylkeskommune. Kostnadene til revisjon er baserte på ein avtale mellom kommunen og selskapet, og inneheld dei revisjonstenestene som kommunen etter avtalen får levert. Det er også mogleg å bestille andre prosjekt og oppdrag frå revisjonen.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Hilde Vatnar, medan Birgitte Lindner Bøen er teamleiar rekneskapsrevisjon. Kirsti Torbjørnson og Bente Hegg Ljøsterød er oppdragsansvarlege forvaltningsrevisorar.

Kontrollutvalet har et ansvar for å sjå til at det vert gjennomført revisjon av kommunen og at den vert gjennomført etter gjeldande standardar og regelverk. I dette ligg mellom anna at revisor kvart år legg fram eigenvurdering av sjølvstende, overordna revisjonsstrategi og orienterer i kvart møte om det pågåande revisjonsarbeidet basert på revisjonsstrategien.

Revisjonen si heimeside er <https://vtrevisjon.no/> Her finn de mellom anna rapportar frå revisjonen.



8. Arbeidet til kontrollutvalet – møte og saker

Kontrollutvalet har i 2020 hatt 4 møter. 1 av møta blei haldt som fjernmøte via Teams på grunn av koronapandemien.

Utvalet har i 2020 handsama 35 saker. Til samanlikning blei det i 2019 handsama 31 saker.

Kontrollutvalet sine møter er opne for publikum med unntak av dei tilfella der det etter lov og forskrift er pålagt å lukke møtet.

Saksdokumentene og protokollene vert fortløpande lagt ut på sekretariatet si heimeside.



Administrasjonen blir ved fleire høve invitert til kontrollutvalet for å orientere om ulike verksemdsområde i kommunen.

Kontrollutvalet ønskjer å vere synleg og ha god kontakt med leinga i kommunen.


Rådmannen og representantar for rådmannen har delteke på alle møta i utvalet, noko kontrollutvalet oppfatar som ein styrke i arbeidet sitt.

Administrasjonen har mellom anna gitt orienteringer om:

- Oppfølging av politiske vedtak
- Rutiner for å handtere mobbesaker tilbake i tid
- Folkehelseprofil 2020 for Nissedal
- Tilsyn frå Fylkesmannen - samfunnstryggleik og beredskap
- Status for implementering av General Data Protection Regulation (GDPR)
- 2. tertialrapport 2020
- Kommunen sitt budsjett for 2021



KONTROLLUTVALETS VERKTØYKASSE – VERKEMIDDELTRAPPEN



8.1 Rekneskapsrevisjon

Revisjon av årsrekneskapen er ein sentral del av kommunen sin eigenkontroll. Revisor skal gi tryggleik for at ein kan stole på informasjonen kommunen gir om økonomien sin.

Revisor er ein sjølvstendig og objektiv tredjepart. Formålet med rekneskapsrevisjon i kommunar, er å gjere revisor i stand til å gje ei uttale om kommunen sitt årsrekneskap i det alt vesentlege er avlagd i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk. Revisor skal vidare gjennom sine kontrollar avdekkje og forebygge feil og manglar i den økonomiske rapporteringa. Revisor vil dessutan veilede kommunen for å bidra til å forebygge og avdekkje feil og mislegheiter.

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte. Utvalet er difor avhengig av at revisor gir tilstrekkeleg rapportering om revisjonsarbeidet. At kontrollutvalet og revisor har ein god dialog og god forståing av oppgåvene sine, er viktige føresetnader for å vere trygg på at revisjonsarbeidet blir forsvarleg utført.

I høve til forskrift om kontrollutval og revisjon § 3 skal kontrollutvalet gje ei uttale til årsrekneskapen til kommunestyret.

I samband med ny kommunelov er oppgåvene til revisor knytt til rekneskapsrevisjon noko utvida. Revisor skal frå og med 2020 etter kommunelova § 24-5: «se etter om årsberetningen gir dekkende opplysninger om vesentlige beløpsmessige avvik fra årsbudsjettet og om vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene.» Nytt for rekneskapsrevisor er altså kravet til å sjå på avvik frå budsjettpremissar og rapportere på dette som ein del av revisjonsmeldinga.

Kontrollutvalet sin uttale til Nissedal kommune sitt årsrekneskap og årsberetning 2019:

«Kontrollutvalet har handsama Nissedal kommune sitt årsrekneskap for 2019. Saman med årsrekneskapen følgde rådmannen sin årsberetning. Vestfold og Telemark revisjon IKS har avlagt revisjonsmelding og rapport til kontrollutvalet om årsrekneskapen. Årsrekneskapen viser kr 135 609 000 til fordeling drift og eit rekneskapleg mindreforbruk på kr 3 781 000.

Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og noter tilfredsstill brukaranes informasjonsbehov og gjev eit riktig bilete av dei forhold som årsberetninga til rådmannen omhandlar.

Kontrollutvalet har ingen merknader til årsrekneskapen for Nissedal kommune for 2019 og sluttar seg til revisors melding av 29.04.2020. Kontrollutvalet anbefalar at Nissedal kommunes årsrekneskap for 2019 vert godkjend. »

Denne uttalen blei vedtatt i møte 07.05.2020, sak 12/20.


Overordna revisjonsstrategi for rekneskapsrevisjon 2020:

Overordna revisjonsstrategi er eit planleggingsdokumentet for gjennomføring av rekneskapsrevisjon. Formålet med overordna revisjonsstrategi er å dokumentere tilstrekkelege og effektive revisjonshandlingar i samband med rekneskapsrevisjon. Kontrollutvalet tok overordnet revisjonsstrategi til vitande i møte 03.09.2020, sak 20/20.

Misleghaldssaker etter kommunelova:

Av kommunelova § 24-5 siste ledd går det fram at revisor gjennom revisjon skal bidra til å avverje og avdekke mislegheiter og feil. Vidare står det i § 24-7 første ledd bokstav e, at revisor skal gi skriftlege meldinger om «enhver mislighet». En mislegheit er i revisjonsstandarden ISA 240 definert som: «En bevisst handling begått av en eller flere personer innen ledelsen, av personer som har overordnet ansvar for styring og kontroll, av ansatte eller av andre, som innebærer uredelighet for å oppnå en urettmessig eller ulovlig fordel.»

Revisor har ikkje rapportert om noken misleghaldssaker til kontrollutvalet i 2020.



8.2 Forenkla etterlevingskontroll

Det går fram av kommunelova at revisor er pålagt å gjennomføre forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga. Kontrollen skal vere basert på ei risikovurdering, og den skal gjennomførast med moderat tryggleik. Kontrollutvalet blir orientert om risikovurderinga og resultatet av kontrollen.

I kommunelova § 24-9 er rekneskapsrevisor gitt i oppgåve å gjennomføre ein forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen»

Lova føreset at kontrollen vert gjennomført med avgrensa ressursar og resultatet er basert på moderat tryggleik. Kontrollen skal utførast i tråd med revisjonsstandarden RSK301.

Revisor har hatt kontroll av etterleving av reglane om offentlege anskaffingar og undersøkt anskaffingar som er gjort i 2019.

Revisjonen har kontrollert om kommunen:


- 1) Har gjennomført konkurranse i tråd med lov og forskrift om offentlege anskaffingar.

- 2) Har utarbeidd protokoll for anskaffingar i tråd med regelverket.

Konklusjon

Basert på utførte handlingar og bevis som er henta inn er vi [revisjonen] ikkje blitt merksame på andre forhold som gir oss grunn til å tru at Nissedal kommune ikkje i det alt vesentlege har fylgd dei reglane som gjeld for konkurranse og føring av protokoll for anskaffingar.

Revisor sin uttale frå forenkla etterlevingskontroll blei handsama i kontrollutvalet 03.09.2020, sak 22/20.



8.3 Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon er ei av dei lovpålagte oppgåvene til kontrollutvalet. Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet undersøkje om kommunen etterlever regelverk, oppnår fastsette mål, og om ressursane vert effektivt forvalta.

Av kommunelova § 23-3 går det fram at:

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planene.»

Kontrollutvalet er delaktig i val av tema og utforming av problemstillingar basert på ei overordna risikovurdering, innanfor dei rammer som er gitt av kommunestyret. Forvaltningsrevisjon gjer det mogleg for kontrollutvalet å gå i djupna i ulike saksforhold, innan eitkvart verksemdsområde i kommunen. Det er vidare mogleg å gjennomføre forvaltningsrevisjonar i selskap kommunen har eigarinteresse i. Forvaltningsrevisjon vil difor kunne ha høg nytteverdi, både i utvalet si kontrollverksemd, og i kommunen sin internkontroll og forbetningsarbeid.



Kontrollutvalet vedtok i møtet 03.09.2020, sak 18/20, plan for forvaltningsrevisjon for inneverande valperiode. Kommunestyret vedtok kontrollutvalet si tilråding i møtet 15.10.2020, sak 63/20.

Områder som blir prioritert i plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023:

■ **1. Barnehage**

Tema: Kvalitet i barnehagane, organisering og gjennomføring av tilsyn

■ **2. Openheit og innsyn, journalføring og arkiv**

Tema: Rutinar og praksis, journalføring, arkivering, handtering av innsynskrav og gradering av dokument.

Forvaltningsrevisjonsprosjekter under oppfølging ved årsskiftet:

1. «IATA IKS - eigarstyring og sjølvkost»

(eigarskapskontroll med forvaltningsrevisjon)

I tråd med kontrollutvalet si tilråding, vedtok kommunestyret i møtet 23.04.2020, sak 21/20, at Nissdedal kommunestyre skal sørge for at:

- Selskapet sender ut innkalling med saksliste til representantskapsmøte minst ein måned før møta finn stad,
- lokal renovasjonsforskrift og gebyrreglement er i tråd med heimelsgrunnlaget,
- kommunens indirekte kostnader knyta til sjølvkostområda blir berekna og dekkja av gebyra. Kommunestyret må sjølv fastsette gebyra.
- Leggje fram årsmeldingar for selskapet, slik eigarskapsmeldinga krevjar,
- handsame innkallingar til representantskapsmøte (med saksdokument) i eit overordna politisk organ slik at det er mogeleg for kommunestyret å gje eigarrepresentantane innspel og styringssignal.

IATA IKS må:

- Vurdere eit klarare organisatorisk skile mellom sjølvkosttenester og næringsverksemd,
- knytte inntekter og utgifter som gjeld mottak og handtering av avfall som husholdningane leverer til mottaksplass til sjølvkostrekneskapet,
- skile rekneskapsmessig mellom sjølvkosttenestene husholdningsavfall og slam, av dette skile mellom fond knyta til de to tenestene,
- berekne kalkylerente av fond og bruke kalkylerente som er anbefalt i retningslinjer for berekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester (H3/14).

Kontrollutvalet følgjer opp kommunestyret sitt vedtak i 2021.


2. «Saksutgreiing»

I tråd med kontrollutvalet si tilråding, vedtok kommunestyret i møtet 24.05.2018, sak 30/18, å be rådmannen om å:

- vurdere fleire tiltak for å sikre forsvarleg utgreiing og rapportering av politiske saker, t.d. retningslinjer, malar/sjekklistar og opplæring,
- sikre at prosjekterings- og byggenemnda er i tråd med kommunelova kapittel 6 og at den blir forankra i kommunens reglement, i samsvar med ynskt rolle og formål,
- etablere rutinar/retningslinjer knytt til planlegging, gjennomføring og rapportering av investeringsprosjekt,
- sikre rapportering på gjennomføring av alle vedtak og rapportering utanom tertialrapporteringa i investeringsprosjekt, der det er naudsynt.

Kontrollutvalet hadde saka til oppfølging i fleire møter i 2018 og 2019. I 2020 var 3 av 4 kulepunkter i vedtaket følgt opp. Det som gjenstod for utvalet å følgje opp, var kravet om å etablere rutinar/regningslinjer knytt til planlegging, gjennomføring og rapportering av investeringsprosjekt.

Saka var til behandling i utvalet i møtet 07.05.2020, sak 15/20, og 03.09.2020, sak 20/20. Ved årsskiftet, gjenstod det å få oversendt kommunestyret sitt vedtekne reglement for kommunale byggeprosjekt.



8.4 Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll er ei av dei lovpålagde oppgåvene til kontrollutvalet og er eit viktig verkemiddel for å sikre at selskapa ligg under demokratisk styring og kontroll.

I kommunelova § 23-4 står dette om eigarskapskontroll:

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring. Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres.

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»


Kontrollutvalet vedtok i møtet 03.09.2020, sak 18/20, plan for eigarskapskontroll for inneverande valperiode. Kommunestyret vedtok kontrollutvalet si tilråding i møtet 15.10.2020, sak 63/20.

I perioden 2020-2023, ble det vedteken å føre eigarskapskontroll med:

■ **Eigarstyring**

Tema: Styringsdokument, styringsdialog og styrevalprosessar

Kommunen har stor grad av friheit til å organisere tenestene sine. Nedanfor vises moglege organisasjons- og eigarformer for kommunal verksemd:



8.5 Andre saker

Kontrollutvalet har i tillegg til tidlegare nemnde saker blant anna handsama følgjande saker:

- Kontrollutval – funksjon og oppgåver
- Samspel mellom kontrollutval og rådmann
- Møte- og arbeidsplan for kontrollutvalet for 2020 og 2021
- Kontrollutvalet si årsmelding 2019
- Budsjett for kontrollarbeid 2021
- Forvaltningsrevisor og rekneskapsrevisor sin sjølvstende 2020
- Engasjementsbrevet frå revisjonen

Førespurnader:

Kontrollutvalet har dette året blitt forelagt tri førespurnader.

Den eine førespurnaden gjaldt høve kring Grimstveitvegen og blei lagt fram for kontrollutvalet i møte 07.02.2020, sak 4/20. I denne saka hadde ordføraren svara skriftleg på spørsmål kontrollutvalet hadde stilt, og rådmannen gav ei orientering i møtet. Kontrollutvalet kom med ei uttale.

Den andre førespurnaden gjaldt spørsmål om kommunen sin tilgang til å gje dispensasjon frå det midlertidig forbodet mot å opphalde seg på fritidsbustad i annan kommune enn heimstadkommunen.

Den tredje førespurnaden gjaldt høve kring kommunen sitt vedtak om tilskot til privat vedlikehald av Espestøylvegen.

Dei to sistnemnde førespurnadene blei teken til vitande av kontrollutvalet.

9. Konklusjon og avsluttande kommentar

Årsmeldinga vert med dette lagt fram for kommunestyret. Ved å sjå møte- og arbeidsplan og årsmelding i samanheng, kan kommunestyret sjå om dei vedtekne oppgåvene og målsettinga for kontrollutvalet er eller blir følgde opp.

- Antall saker ligger på nokolunde same nivå som tidlegare år.
- Kontrollutvalet si verksemd har i 2020 vore påverka av koronapandemien ved at eitt møte blei heldt som fjernmøte. Vidare har fleire av opplæringstilboda enten blitt avlyst eller arrangert som digitale konferanser.
- Vedteken plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll vert fortløpande følgde opp.
- Kontrollutvalet har utført og følgd opp sine oppgåver i tråd med møte- og arbeidsplan for 2020. Møte- og arbeidsplanen, slik den blei vedteken av kontrollutvalet i møtet 07.02.2020, sak 7/20, ligg ved saksframlegget til årsmeldinga.

Nissedal, 04.05.2021

Øyvind Tveit
kontrollutvalsleiar

Helga Raudsandmoen
sekretær



VETAKS

VESTFOLD, TELEMARKE OG AGDER
KONTROLLUTVALGSSEKRETARIAT IKS

VETAKS.NO

SAKSUTSKRIFT

Arkivsak-dok. 21/00320-1
Saksbehandler Helga Raudsandmoen

Nissedal kontrollutval si årsmelding for 2020

Saksgang	Møtedato	Saksnr.
1 Nissedal kontrollutval	04.05.2021	14/21

Nissedal kontrollutval har behandlet saken i møte 04.05.2021 sak 14/21

Møtebehandling

Sekretær Helga Raudsandmoen gikk gjennom sekretariatet sitt forslag til årsmelding og svarte på spørsmål.

Kontrollutvalet godkjente forslag til årsmelding med følgende endringer/tillegg til punkt:

- 6: Skriv kva for utdanning dei tilsette i sekretariatet har.
- 8.5, «Førespurnader»: Skriv kva førespurnadene gjaldt og kva som var kontrollutvalet sitt vedtak.

Votering

Samrøystes for forslag til vedtak (5 voterande).

Vedtak

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for Nissedal kontrollutval 2020 slik den ligg føre, med dei endringane/tillegga til punkt 6 og 8.5 som går fram av møtebehandlinga til saka.

Årsmeldinga sendast til kommunestyret med følgjande forslag til vedtak:
«Kommunestyret tar kontrollutvalet si årsmelding 2020 til vitande og meiner den gir ei tilfredsstillande oversikt over kontrollutvalet sin aktivitet i 2020.»

NISSEDAL KONTROLLUTVAL SI ÅRSMELDING FOR 2020

Forslag til vedtak/innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for Nissedal kontrollutval 2020 slik den ligg føre.

Årsmeldinga sendast til kommunestyret med følgjande forslag til vedtak:
«Kommunestyret tar kontrollutvalet si årsmelding 2020 til vitande og meiner den gir ei tilfredsstillande oversikt over kontrollutvalet sin aktivitet i 2020.»

Vedlegg:

- 1) Sekretariatet sitt forslag til årsmelding for 2020
- 2) Kontrollutvalet sin møte- og arbeidsplan for 2020
- 3) Rådmannen sin uttale til årsmeldinga

Saksframstilling:

Kontrollutvalet skal rapportere om resultatene av sitt arbeid til kommunestyret, jf. kommunelova § 23-5 første setning. Det blir blant anna gjort i kontrollutvalet si årsmelding. Årsmeldinga skal gje ei oversikt over kontrollutvalet sin aktivitet i 2020.

Forslag til årsmelding for 2020 er utarbeida av sekretariatet, sjå vedlegg 1. Årsmeldinga bør sjåast i samanheng med møte- og arbeidsplanen for 2020, som blei vedteken av kontrollutvalet i møte 07.02.2020, sak 7/20. Møte- og arbeidsplanen er å finne i vedlegg 2. Rådmannen har uttalt seg til årsmeldinga. Av uttalen går det fram at han meiner «*Nissedal nett no har eit kontrollutval som fungerer betre enn nokon gong i den perioden eg har vore rådmann sidan 2009.*»

Merknader:

Sekretariatet anbefaler kontrollutvalet å godkjenne vedlagt årsmelding.

RETT UTSKRIFT
DATO 6.mai.2021

From: Sverre Sæter <sverre.seter@nissedal.kommune.no>
Sent: onsdag 24. mars 2021 17:13
To: Helga Raudsandmoen
Subject: SV: Sekretariatets forslag til årsmelding 2020 for kontrollutvalget forelegges rådmannen for eventuell uttalelse

Takk for tilsendt framlegg til Årsmelding 2020 for Nissedal kontrollutval.

Eg gjev mi attendemelding på denne måten:

Etter å ha lese framlegg til årsmelding 2020 for Nissedal kontrollutval er mi meining at dette er den mest fullstendige meldinga eg har lese frå Kontrollutvalssekretariatet.

Eg har korkje motsegner eller kommentarar til meldinga, men har likevel lyst til å uttale som rådmann at mi meining er at Nissedal nett no har eit kontrollutval som fungerer betre enn nokon gong i den perioden eg har vore rådmann sidan 2009.

Sverre Sæter

Fra: Helga Raudsandmoen <helgara@vetaks.no>
Sendt: onsdag 24. mars 2021 13:50
Til: Sverre Sæter <sverre.seter@nissedal.kommune.no>
Emne: Sekretariatets forslag til årsmelding 2020 for kontrollutvalget forelegges rådmannen for eventuell uttalelse

Hei,

Vedlagt finner du sekretariatets forslag til årsmelding 2020 for kontrollutvalget. Formålet med årsmeldingen er å gi en oversikt over kontrollutvalgets aktivitet i 2020.

Kontrollutvalget vil behandle årsmeldingen i maimøtet. Etter at årsmeldingen har vært til behandling i kontrollutvalget, skal den oversendes kommunestyret. Av den grunn gis rådmannen med dette anledning til å uttale seg om årsmeldingen, jf. kommuneloven § 23-5 andre setning. Dersom du har kommentarer til årsmeldingen, ber jeg om at disse sendes undertegnede **innen 09.04.2021**. En eventuell uttalelse vil bli lagt ved saksframlegget til årsmeldingen.

Med vennlig hilsen

Helga Raudsandmoen
rådgiver

mobil: 918 23 317

e-post: helgara@vetaks.no





Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	52/21	16.06.2021

Beredskapsplan - eining for oppvekst og kultur

Vedlegg

- 1 Mal på beredskapsplan
- 2 Beredskapsplan Treungen barnehage
- 3 Innholdsliste Tiltakskort
- 4 Tiltakskort 1 Alvorleg ulykke i barnehagen
- 5 Tiltakskort 2 Dødsfall i barnehagen
- 6 Tiltakskort 3 Barn med allergi, sjukdom
- 7 Tiltakskort 4 Medisinering i barnehagen
- 8 Tiltakskort 5 Små og litt større skadar
- 9 Tiltakskort 6 Forgifting eller mistanke om forgifting
- 10 Tiltakskort 7 Smittevern
- 11 Tiltakskort 8 Barn som blir skadet på parkeringsplassen ved levering - henting
- 12 Tiltakskort 9 Mistanke om rus ved levering og henting
- 13 Tiltakskort 10 Samlivsbrudd - konflikhtar
- 14 Tiltakskort 11 Kidnapping - bortføring
- 15 Tiltakskort 12 Mistanke om vold-seksuelle overgrep i heimen
- 16 Tiltakskort 13 Mistanke om vold - seksuelle overgrep i barnehagen
- 17 Tiltakskort 14 Barn som blir henta av personar som ikkje står på hentelista
- 18 Tiltakskort 15 Når føresette blir utsett for ulykkesjukdom og ikkje kan hente i barnehagen
- 19 Tiltakskort 16 Mistanke om omsorgssvikt
- 20 Tiltakskort 17 Barn som kjem borte på tur
- 21 Tiltakskort 18 Barn blir borte frå barnehagen
- 22 Tiltakskort 19 Når barn ikkje blir henta før barnehagen stengjer
- 23 Tiltakskort 20 Når eit barn ikkje kjem i barnehagen
- 24 Tiltakskort 21 Brann og skadeverk
- 25 Tiltakskort 22 Handtering av media ved alvorlege hendingar
- 26 Planteikning Treungen barnehage

Fakta i saka:

Bakgrunn for saka/tidlegare saksgang

Beredskapsplanane i eining for oppvekst og kultur har i lang tid vore utdaterte.

Etter tilsyn frå dåværande Fylkesmann på beredskap i Nissedal kommune 12.11.20, har vi arbeidd med å få dette på plass.

Lovgrunnlaget

Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

Udir rettleiar:

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/veileder-i-beredskapsplanlegging/>

Forankring i eige planverk

Nissedal kommune Planstrategi 2021-2023:

<https://www.nissedal.kommune.no/getfile.php/4853353.2637.tltja7pkkuubim/Vedteken+planstrategi+2021-2023.pdf>

«Beredskapsplan oppvekst blir ferdigstilt i 2021»

Vurdering:

I samarbeid med Statsforvaltaren, har leiargruppa i eining for oppvekst og kultur utarbeidd beredskapsplanar. Tilsette og foreldre er involvert, men på ulikt vis i dei ulike avdelingane.

Kommunal kriseleiing, Psykososialt kriseteam, eining for teknisk drift og politiet har blitt teke med på råd.

Det er utarbeidd ein mal som alle skal nytte som utgangspunkt.

I samråd med Statsforvaltaren er avdelingane grupperte inn i følgjande objekt:

- Kyrkjebygda oppvekstsenter
- Fjone barnehage
- Felle barnehage
- Treungen barnehage
- Tveit skule/Nissedal ungdomsskule og fleirbrukshus

Kvart objekt fyller ut variable detaljar i malen, samt utarbeider tiltakskort for sitt objekt etter ei ROS-analyse lokalt.

Vedlagt finn de malen for beredskapsplanen og utfylt beredskapsplan og tiltakskort for Treungen barnehage som eit døme.

Det ligg føre slike beredskapsplanar for alle avdelingar.

Vi manglar planteikning for Felle barnehage. Avventer tilbakemelding frå teknisk på tinging av ny teikning.

Konklusjon:

Eining for oppvekst og kultur har utarbeidd beredskapsplanar med tiltakskort, slik tilsynet frå Statsforvaltaren hausten 2020 krev.

Rådmannen si tilråding:


Nissedal kommunestyre tek beredskapsplanen i eining for oppvekst og kultur til vitande.

Beredskapsplan

Oppvekst og kultur

Raud skrift er der de må fylle inn i objektet sine beredskapsplanar

Objekt: [Fyll inn namn på objektet her. T.d. Fjone barnehage]



Innhald

1. Plan for tryggleik og beredskap	3
Objekt.....	3
Kvifor har vi ein slik plan?	4
2. Beredskapsgruppe	5
Beredskapsleiar i eige objekt	5
Kommunal kriseleing	5
Loggbokansvarleg.....	5
3. Tiltaksliste for tilsette ved alvorlege hendingar.....	6
4. Rutine for å kontakte politiet.....	7
5. Førstehjelp	8
6. Varsling lokal	9
7. Loggbok.....	10
8. Evakuering/samling av personar	11
Planteikning.....	12
9. Varsle føresette	13
10. Tilkalle intern og ekstern krisehjelp	14
Pedagogisk-psykologisk teneste.....	14
Helseavdelinga.....	14
Psykososialt kriseteam.....	14
Mandat til det psykososiale kriseteamet.....	14
11. Informasjonshandtering og mediekontakt	15
12. Vidare kontakt med den/dei skadde sine føresette	17
13. Informasjon til barn/elevar	18
14. Informere foreldre/føresette.....	19
15. Ved dødsfall	20
16. Støtte, omsorgstiltak og etterarbeid	21
Pårørande svartelefon.....	21
Evakuerte- og pårørandesenter (EPS).....	21
Dei tilsette:	21
1. Kollegastøtte.....	22
2. Planlegging av neste dag	22
Etterarbeid.....	22
Rapportering	22
17. PLIVO (Pågåande livstruande vold)	23
18. Ros-analyse.....	24
19. Øvingar	25
20. Evaluering og vedlikehald av beredskapsplanen	26
21. Tiltakskort	27

1. Plan for tryggleik og beredskap

Forskrift om kommunal beredskapsplikt

§1. Formål

Forskriften skal sikre at kommunen ivaretar befolkningens sikkerhet og trygghet. Kommunen skal jobbe systematisk og helhetlig med samfunnssikkerhetsarbeidet på tvers av sektorer i kommunen, med sikte på å redusere risiko for tap av lev eller skade på helse, miljø og materielle verdier.

Beredskapsplanen skal være med på å sikre at barnehagane og skulane våre gjer ei analyse av mulige scenario og er førebudd dersom ei alvorleg hending skulle skje. Planen skal være eit verkty som gjer oss i stand til å handtere ulykker og alvorlige hendingar på ein god og effektiv måte.

Det er viktig at barnehagane og skulane går gjennom behovet for eigen beredskap, då lokale forhold og eigne føresetnadar er avgjerande ved utvikling av eit godt planverk. Planane må vere eit samarbeid mellom det einskilde objekt, eininga som heilskap, lokal kriseleiing og politi.

Barnehagane og skulane skal gjøre risikoanalyser (for fysiske og psykososiale forhold) der tilsette, barn og elevar kan bli utsett for fare. Dette gjer vi ved å gå igjennom risikosituasjonane, planlegge og gjennomføre tiltak for å hindre at uønskete alvorlege hendingar skal skje.

Objekt

Eining for oppvekst og kultur har følgjande objekt:

- Felle barnehage
- Fjone barnehage
- Treungen barnehage
- Kyrkjebygda oppvekstsenter (skule og barnehage)
- Tveit skule/Nissedal ungdomsskule med fleirbrukshus og bibliotek

Desse fem objekta er alle ansvarlege for å utarbeide og vedlikehalde kvar sin beredskapsplan.

Kvifor har vi ein slik plan?

Beredskapsplanen er eit verktøy til støtte i handtering av ulike hendingar der det er aktuelt å ta i bruk krisehandteringstiltak. Slike hendingar kan være:

- Alvorlege ulykker (det einstilte objekt tenker igjennom kva for risikosituasjonar som finnes på arbeidsplassen)
- Øydelegging av arbeidsstad, t.d. ved brann eller innbrot
- Bombetrussel/bombeangrep
- Alvorlige valdsepisodar
- Truslar mot tilsette
- Pandemiar

PLIVO hendingar er ein del av overordna kommunal beredskapsplan.

Kvart objekt utarbeidar tiltakskort for aktuelle situasjonar.

Nokre tiltakskort kan vere identiske på dei ulike objekta, andre kan vere spesifikke for det aktuelle objektet.

2. Beredskapsgruppe

- **Beredskapsansvarlege ved kvart objekt**

Styrar/rektor ved kvart objekt er beredskapsansvarleg.

Det må i tillegg bli utpeika ein vara ved fråvær og ein loggbokansvarleg.

- **Sentral kriseleiing**

Kommunen sin sentrale kriseleiing er ansvarlege ved ein kvar alvorleg uønskte hending i kommunen.

Som ein del av tiltakskorta skal beredskapsansvarleg ved objektet kontakte einingsleiar, som igjen varslar den sentrale kriseleiinga ved rådmannen.

Det skal vere låg terskel for å varsle den sentrale kriseleiinga.

Dersom ikkje anna blir avtalt, er det den sentrale kriseleiinga som overtek handteringa av den alvorlege uønskte hendinga frå dei er varsla.

Beredskapsansvarlege sine oppgåver i krisesituasjonar

Beredskapsleiar i eige objekt

skal koordinere krisehandteringa ved objektet i nært samarbeid med den sentrale kriseleiinga og naudetatane.

- Kontakte politiet
- Kontakte einingsleiar, som kontaktar kommunal kriseleiing (låg terskel)
- Ha ansvaret for krisen i ein akutfase inntil politiet kjem fram
- Skaffe oversikt over kven som er råka
- Ansvar for informasjon til dei partane det gjeld (barn, elevar, tilsette, pårørande)
- Tett kontakt med einingsleiar

Kommunal kriseleiing

- Ansvar for kriseinformasjon (koordinert med politiet)
- Avgjere, i samarbeid med beredskapsleiar ved objektet og politiet, behov for pårørandetelefon og pårørandesenter
- Mediehandtering

Loggbokansvarleg

Loggbokansvarleg ved objektet har ansvar for at det blir ført loggbok

3. Tiltaksliste for tilsette ved alvorlege hendingar

Beredskapsansvarlege ved [objekt]

Beredskapsansvarleg: [Namn og tittel]

Vara [namn og tittel]

Loggbokansvarleg [namn og tittel]

Tiltaksliste i akutfase:

Denne oversikta skal kvart objekt skrive ut og laminere. Ha lett tilgjengeleg.

	Tiltak	Ansvarlig	Tlf.	Gjøremål	Meir informasjon
1	Ring politi	Første til staden/ ev. Beredskapsansvarleg	112	Sikre åstaden	Kva vil politiet vite? Kap. 4
2	Ring lege/ambulanse	Første til staden	113	Gi førstehjelp Hold kontakt med 113	Førstehjelp Kap. 5
3	Ring einingsleiar	Beredskapsansvarleg	350484 07/ 959219 72	Informere om situasjonen	Jf. varslingsrutiner og varslingsliste. Sjekkliste for beredskapsansvarleg Kap. 6
3	Varsle den lokale kriseleiinga v/ rådmannen	Einingsleiar	350484 02/ 993408 62		Jf. varslingsrutiner og varslingsliste. Sjekkliste for beredskapsansvarleg Kap. 6
4	Føre loggbok	Loggbokansvarleg		Føre informasjonslogg og avgjerdslogg	Eksempel på loggbok Kap. 7
5	Samle gruppe barn/elevar Informere	Beredskapsansvarleg		Samle/informere/ roe ned	Framgangsmåte for samlingar Kap. 8
6	Kontakte den/dei skadde sine føresette	Beredskapsansvarleg	Klasse- lister/ Barne- lister	Varsle om ulykke Stad for frammøte	Framgangsmåte for varsling av foreldre/føresette Kap. 9
8	Informasjons- handtering og mediekontakt	Den sentrale kriseleiinga		Informere i samråd med politi/ ramma sine føresette/	Målgrupper for informasjon Kap. 11

4. Rutine for å kontakte politiet.

Politi: Ring 112 ved naudsfall

Ring 02800 for å kome i kontakt med lokalt politi (sentralbord som setter over)

Ved ulykke med personskade skal politiet bli varsla straks.

Ved behov skal den interne varslingslista gis til politiet.

Ansvar

Beredskapsleiar eller første person på staden skal varsle politiet.

Følg politiets råd for å sikre tilsette og barn/elevar inntil politiet er på plass.

Kva vil politiet vite?

- Kven ringer?
- Kva har skjedd?
- Kor har det skjedd?
- Har vedkommande kontroll på gjerningsmannen/-mennene/veit kor han/dei er?
- Kven er gjerningsperson? Skildring?
- Kva for våpen er sett?
- Kor mange er skadde/daude?
- Kan nokon møte politiet og vise kor eventuell gjerningsperson oppheld seg/kjentmann?
- Kvener varsla?
- Er det sett i verk tiltak lokalt?

5. Førstehjelp

Ring lege/ambulanse. Telefon 113

Hold kontakt med AMK- sentralen til nødvendig har kome.
Der vil du få rettleiing i kva du skal gjere til lege kan overta.

6. Varsling

– dette kapitlet skal hvert objekt fylle ut for sin beredskapsplan

Varslingsliste og rutiner

Verksemda må sjølv vurdere kva for varslingsrutiner som er mest hensiktsmessig. Det anbefales at dette blir gjort i samarbeid med Politiet.

Eksempel på varslingsliste:

Legg inn namn, stilling og telefonnummer for beredskapsgruppa sine medlemmer og andre nøkkelpersonar

Kontaktperson	Stilling	Telefon	Mobiltlf
Reidun Carol Retterholt	Einingsleiar oppvekst og kultur	35048407	95921972
Eli Janne Olimstad	Pedagogisk konsulent og vara for einingsleiar i krisesituasjonar	35048476	47026454
Sverre Sæter	Rådmann og leiar av kriseleiinga	35048402	99340862
Kristin Kyrkjerud Vaa	Einingsleiar teknisk og Beredskapskoordinator	35048433	90539498

7. Loggbok

Den enkelte beredskapsleiar har ansvar for at det blir ført loggbok med dato og klokkeslett for:

- skriftleg og munnleg informasjon
- alle avgjersler som tas mens beredskapsleiar er operativ (avgjerdslogg), samt utførte oppgåver

Loggboka på kvart objekt følgjer denne mal:

Dato og Klokkeslett	Tiltak	Utført	Informasjon/avgjersler/utførte oppgåver

Meldingar og beskjeder som blir gitt, bør i størst mogleg grad skriftleggjerast og oppbevarast.

Loggboka skal bli arkivert i ePhorte i etterkant av hendinga.

8. Evakuering/samling av personar

Framgangsmåte

- Samling i [klasserom/grupperom/opphaldsrom] om desse ikkje må bli evakuert, eventuelt følgje rutine for evakuering
- Samlingsområde for evakuerte/skadde: [kvart objekt fyller ut sitt samlingsområde]
- Ansvarlig for gruppa når krisa inntreffar tar seg av gruppa
- Personell må være gjort kjent med kva dei kan gjere i eit rom for å maksimere overleving – leggje seg ned, halde seg vekk frå vindauge og dører, søke mot sikre plassar, ikkje tiltrekke seg merksemd.
- Vente på signal til faren er over
- Leiar opptrer roleg for å roe ned involverte
- Følge politiets tilvising

Hensikt

- Oppnå best mogleg sikring og skydd
- Unngå at nokon springer rundt på området eller forlét området åleine. Få kontroll over kor dei einskilde oppheld seg.
- Sikre at det ikkje skjer fleire ulykker
- Skjerme for synsinntrykk
- Roe ned og gi rett informasjon
- Gi rom for reaksjonar og gi hjelp til å bearbeide desse

Momentliste for samlinga

Roe ned og gi trøyst

- Gjer det legitimt å vise kjensle.
- Oppmoding om å trøyste kvarandre
- Vis sjølv nærleik; forsiktig berøring og trøyst til dei som treng det meist.

Informer om kva som har skjedd

- Når situasjonen begynner å roe seg, gi nøktern og sakleg informasjon som er frigitt
- Ikkje gi meir detaljar og vonde opplysningar enn naudsynt
- Forsikre om at dei skal få vite meir så snart nye opplysningar er tilgjengelige
- Oppmode om å ikkje å spreie informasjon, for å skjerme den eventuelt ramma og familien, til situasjonen er meir avklart

Fortell kva som skal skje

- Om mogleg vil arbeidsdagen/barnehagedagen/skuledagen halde fram, og det blir høve til å prate
- Avklar om det er nokon som ønskjer å bli henta av føresette for å dra heim
- Avklar om det er nokon som trenger å bli igjen for å snakke
- Neste dag vil det bli orientert om situasjonen
- Verksemda vil ha kontakt med familien til den skadde for å avklare høve til besøk og anna merksemd

Planteikning

Planteikning er vedlagt kvart objekt. Alle planteikningar ligg lagra på fellesdisken i eiga mappe.

Kvart objekt skriv ut eigne planteikningar og merker av evakueringspunkt (også **alternative** evakueringspunkt). Det same gjeld samlingsplass.

Aktuelle rom for samlingar må vere markerte med nummer, slik at ein lett kan kommunisere med politiet på kor ein befinn seg.

Kopi med markerte punkt som skildra over blir sendt til politiet.

Hugs å oppdatere ved behov. Ved oppdatering må ein sende oppdaterte planteikningar til politiet.

9. Varsle føresette

Prioritet og framgangsmåte

Den skadde sine føresette skal straks bli varsle. Følg politiets instruks.

Varsling av andre barn/elevlar sine foreldre avhenger av alder, opplevinga, alvor og tilknytning til den eventuelt skadde.

Varsling av den skadde sine foreldre

1. Forsikre deg om at du snakkar med rette vedkommande.

Er det (namn): Mor/ far til

2. Presentasjon av deg.

Dette er ved (verksemda)

3. Kva har skjedd?

Barnet ditt har blitt skada. Lege er kontakta.

Tilstand:.....

Eventuelt: Vi kan ikkje sei noko om tilstanden.

Ein skal ikkje opplyse om dødsfall. Sjå kap. 15

4. Oppmøte.

Vi vil be deg kome til.....

5. Varsling av andre.

Vil du at vi skal varsle den andre føresette?

Er det andre du vil at vi skal varsle?

Namn..... Relasjon.....

Telefon.....

Namn..... Relasjon.....

Telefon.....

10. Tilkalle intern og ekstern krisehjelp

Pedagogisk-psykologisk teneste

PPT bør bli varsla ved kontaktperson i regionen.
Telefonnummeret til hovudkontoret ved Vest-Telemark PPT: 350 68 300

Helseavdelinga

Helseavdelinga bør bli varsla for å vurdere oppfølging av barn/medelevar.
Telefonnummer til legekantoret: 350 48 420

Psykososialt kriseteam

Psykososialt kriseteam er ein ressursgruppe som trer inn med hjelp og støtte når ein krisesituasjon oppstår.
(jf. forskrifter til Lov om helsemessig og sosial beredskap)

Psykososialt kriseteam som er sett saman av kommunalt tilsette med særleg kompetanse på samtaler og rettleiing for personar som er ramma av ulykker eller hendingar som kan medføre personlege kriser.

Kontaktinformasjon til det psykososiale kriseteamet kan ein få ved å ringe Nissedal kommune 35048400 (dagtid) eller Nissedal omsorgssenter 35048460 (utanom arbeidstid).

Det er leiar ved objektet sitt ansvar å eventuelt kalle inn kriseteamet, men dette kan einingsleiar overta ved behov.

Mandat til det psykososiale kriseteamet

Kriseteamet er fagleg rådgjevar i spørsmål om psykiske reaksjonar og helse.

Oppgåver

- Teamet gir verksemda si leiing, tilsette og foreldre råd i handtering av psykiske reaksjonar
- Teamet er tilgjengeleg for samtalar med barn/elevar, foreldre og tilsette
- Teamet vurderer barn/elever, tilsette og foreldre sine psykiske reaksjonar og helse, med tanke på vidare oppfølging og eventuell behandling
- Teamet gir råd for vidare handtering i verksemda sin regi. Teamet kan ta del i den vidare oppfølginga.

11. Informasjonshandtering og mediekontakt

Målet med god informasjonshandtering og mediekontakt er å sikre at informasjon blir formidla til alle aktuelle målgrupper så raskt og presist som mogleg. For å unngå ryktespreiing og spekulasjonar må all informasjon vere truverdig og tillitvekkande. Verksemda skal legge så godt som mulig til rette for ein forsvarleg mediedekning, samtidig som ein skal beskytte barn/elevar, foreldre og tilsette mot det store medietrykket som oppstår.

Dette skal gjerast i samråd og nært samarbeid med politiet og kommunen si sentrale kriseleiing.

Nokre generelle råd:

- Syt for å halde opne kanalar og god nok bemanning til informasjonsoppgåvene (samarbeid tett med politiet og den sentrale kriseleiinga).
- Oppdater nettsidene fortløpande. Dersom krisen blir vurdert som alvorleg nok, blir kommunen si ordinære forside på nett erstatta med en kriseweb.
- Vær truverdig og vis empati/medkjensle. Bidra med faktainformasjon og unngå spekulasjonar.
- Verksemda si leiar er talsperson utad, med mindre politiet eller den sentrale kriseleiinga overtek ansvaret
- Media vil raskt stille spørsmål til krisehandteringa. Vær førebudd på dette for å unngå å få ei krise i krisa.

Målgrupper for informasjon

Verksemda må på førehand ha tenkt gjennom kva for målgrupper dei trenger å kommunisere med i ei krise, og kva for kanalar som bør bli brukt for å nå desse.

Målgruppe	Føretrekte kanalar
<ul style="list-style-type: none">• Sentrale samarbeidspartnare (politi, brannvesen, helsepersonell)	Telefon og personleg kontakt
<ul style="list-style-type: none">• Barn/elevar	Munnleg kontakt, nettsider, info-tv, gruppe-e-post
<ul style="list-style-type: none">• Tilsette<ul style="list-style-type: none">○ Leiargruppe○ Kontaktlærarar○ Andre tilsette	Munnleg og pr. telefon etter linjeansvar, nettsider, Visma, gruppe-e-post
<ul style="list-style-type: none">• Einingsleiar	Telefon og personleg kontakt
<ul style="list-style-type: none">• Pårørande	Nettsider, pårørandetelefon + ev. personleg kontakt gjennom pårørandesenter
<ul style="list-style-type: none">• Media	Nettsider, pressemeldingar, pressekonferansar, intervju, telefon
<ul style="list-style-type: none">• Naboar	Nettsider, (anna nabovarsling/orientering ligg til politiet)

Mediekontakt

Når politiet har beredskapsansvaret, skal dei ha den overordna mediekontakten. Leiar ved verksemda er ansvarleg for mediekontakt i forståing med politiet og einingsleiar, ev. den sentrale kriseleiinga.

12. Vidare kontakt med den/dei skadde sine føresette

[Skulen/Barnehagen] bør følge opp den/dei skadde sine føresette for å få vite korleis det går både med den/dei skadde og foreldra.

Målsetting med kontakten

- Syne omsorg
- Avgrense usikkerhet og uro ved å kunne opplyse dei andre involverte (barn, elevar, og føresette) om tilstanden
- Hindre at det oppstår usanne rykte som kan bli belastande, ved å informere raskast mogleg, med rett og tilstrekkeleg innhald

Ansvar

- [Styrrar/rektor] er ansvarleg for innhaldet i informasjonen
- [Styrrar/rektor] har ansvar for at informasjonen varetok personvernet. Informasjonen skal vere klarert med føresette

13. Informasjon til barn/elevlar

[Skulen/Barnehagen] bør halde involverte barn/elevlar oppdatert på situasjonen til den/dei skadde.

[Styrrar/rektor] har ansvar for at all informasjon som skal ut til barn/elevlar og tilsette varettek personvernet. Informasjonen skal vere klarert med føresette.

Ved forverring

Gi barn/elevlar tid til å førebu seg mentalt.

Informasjonen må innehalde mest mogleg fakta. Gi sjans til å spørje, men gi berre heilt sikre svar.

Ved dødsfall

Sjå: Gi bodskap om dødsfall

14. Informere foreldre/føresette

Informasjonsrutinar til andre barn/elever sine foreldre ved alvorlege hendingar:

For foreldra er det viktig å vite:

- Kva som har skjedd, for oppfølging av eigne barn
- Kva [Skulen/Barnehagen] kjem til å gjere i samband med ulykka
- Kva foreldra bør gjere
- [Skulen/Barnehagen] vil kunne gi informasjon om kva som er normale reaksjonar hos barn/unge

Informasjonsrutinar

Informasjonen kan gis på ulike måtar, vurdert ut frå den einskilde situasjon:

- Informere foreldra gjennom telefon for at de skal komme til [Skulen/Barnehagen] for å få informasjon, og hente barna sine heim. Dette er særlig aktuelt når ulykka skjer på ein barnehage/skule, og det har vore ein traumatisk oppleving for barn/unge.
<ul style="list-style-type: none">• Samtale med barn• Samtale med tilsette	<ul style="list-style-type: none">• Pedagogisk leiar• Styrar
Evaluering	Ansvar
<ul style="list-style-type: none">• Internkontroll	<ul style="list-style-type: none">• Styrar
Førebygging	Ansvar
<ul style="list-style-type: none">• Brannøving med barn og tilsette 1 gong i året• Sjekke att vindauge og dører er låst	<ul style="list-style-type: none">• Styrar• Seinvakta

Tiltakskort 22

Handtering av media ved alvorlege hendingar

Handling	Ansvar
<p>Pressen er ofte tilstade før politi/ambulanse</p> <ul style="list-style-type: none"> • Barn og vaksne skal skjermast frå media • Journalister har ikkje lov til å kome inn på barnehagen sitt område i ein slik situasjon. • Ingen tilsette skal uttale seg til pressa. • Det er berre politiet som uttalar seg til pressa ved alvorlege hendingar. • Styrar kontaktar einingsleiar/kriseteam. <p>Handling utanom opningstid:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Styrar kontaktar einingsleiar • Ingen tilsette skal uttale seg til pressa. 	<ul style="list-style-type: none"> • Tilsette • Styrar • Styrar
Oppfølging	Ansvar
<ul style="list-style-type: none"> • Samtale med føresette • Samtale med tilsette 	<ul style="list-style-type: none"> • Styrar • Styrar
Evaluering	Ansvar
<ul style="list-style-type: none"> • Internkontroll 	<ul style="list-style-type: none"> • Styrar
Førebygging	Ansvar
<ul style="list-style-type: none"> • Gjennomgang av rutinar ein gong i året. 	<ul style="list-style-type: none"> • Styrar

Bruttoareal eksist. bygg 278,2 m² Bruttoareal tilbygg 145,9 m²



Som bygget 26.05.11

INDEKS DATO REVISJON

Sign.

Nissedal kommune
Treungen barnehage Tilbygg

SR SØNDERGAARD
RICKFELT AS

BIVILARKTEKTER MNAL

OH HOLTAB GT 28
3878 NOTODDEN
TLF 35 02 95 00

Filnavn : 08032 Treungen -Alt4 V14.pln

1. Etasje Samlet

Pr.nr : 08032

Dato : 10.02.10

Mål : 1:100

A02-3



Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	53/21	16.06.2021

"Det gode liv" - Plan for det gode oppvekstmiljøet i Nissedal

Fakta i saka:

Bakgrunn for saka/tidlegare saksgang

Barnehagelova og Opplæringslova forpliktar oss til å ha ein plan for korleis vi arbeider med barnehage- og skulemiljø. Vi må synleggjere korleis vi arbeider førebyggjande, samtidig som vi må synleggjere korleis vi agerer i einskildsaker, og følgjer opp.

Dette syner vi gjennom denne digitale planen.

Samtidig har vi eit ønskje i eining for oppvekst og kultur om å skape ein plan som gjeld for heile oppveksten til våre barn og unge, både i barnehage og skule, men også på fritid. Denne planen er derfor eit resultat av lang tids samarbeid i heile eining for oppvekst og kultur.

Målgruppa for planen er:

- Barn og unge
- Foreldre
- Leiarar på fritida
- Tilsette i barnehage og skular

Målet for arbeidet er å oppfylle krava i lovverket for barnehage og skule, ved å ha ei tverrfagleg og systematisk tilnærming for å sikre at våre barn og unge har ein kvardag som fremjar helse, trivsel og læring.

Tidlegare planar frå 2012 og 2017 i skule er forelda, gjennom endringar i lovverk. Barnehagelova har fått nytt kapittel om barnehagemiljø som gjaldt frå 01.01.21.

Lovgrunnlaget

Opplæringslova Kapittel 9 A Elevane sitt skolemiljø

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61?q=oppl%C3%A6ringslova>

Lov om barnehager Kapittel VIII Psykososialt barnehagemiljø

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64?q=barnehagelov>

Forankring i eige planverk

Nissedal kommune Planstrategi 2021-2023

<https://www.nissedal.kommune.no/getfile.php/4853353.2637.tltja7pkkuubim/Vedteken+planstrategi+2021-2023.pdf>

*«5.2.24 Plan for psykososialt miljø for born og unge i Nissedal kommune Status Vedteke i 2012, revidert i 2017, ny plan under arbeid i 2020, ferdigstillast 2021
Tidlegare plan gjaldt berre skule. Ny plan vil gjelde for heile eining for oppvekst og kultur
Vurdering av behov for revidering
Ikkje behov for revidering i planperioden»*

Vurdering:

Det har vore eit historisk og godt samarbeid mellom kultur, barnehage og skule i utarbeiding av denne planen. Ved å sjå på våre barn og unge sine oppvekstvilkår, får barnehage til ungdomsår, både på dagtid og fritid, har vi trua på å løfte arbeidet og auke trivselen blant barn og unge i Nissedal kommune.

Planen er digital, og dermed dynamisk. Det vil gjere det enklare å supplere og å gjere endringar ved behov.

Den digitale planen finn de her: <http://www.nissedalsskulen.com/>

Konklusjon:

Eining for oppvekst og kultur har utarbeidd «Det gode liv» Plan for det gode oppvekstmiljøet i Nissedal.

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre tek planen «Det gode liv» Plan for det gode oppvekstmiljøet i Nissedal til vitande.



Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	54/21	16.06.2021

Nissedal ungdomsråd - fastsetting av budsjett, rutiner og møtefrekvens

Fakta i saka:

Bakgrunn for saka/tidlegare saksgang

Kommunen har i lang tid tatt mål av seg å få på plass eit ungdomsråd. Sak om oppretting av ungdomsråd blei lagt fram for kommunestyret 13.02.20, sak 8/20, der det også blei vald representantar til ungdomsrådet. Saka gir grundig informasjon om ungdomsrådet sin funksjon og mandat, og blir ikkje gjenteke her.

At ungdomsrådet framleis ikkje var konstituert blei løfta fram under handsaming av budsjett og handlingsprogram av kommunestyret desember 2020, og lagt inn i handlingsprogrammet.

Ungdomsrådet blei konstituert januar 2021, og har hatt fire møter våren 2021.

Lovgrunnlaget

Lov om kommuner og fylkeskommuner:

§ 5-12. Eldreråd, råd for personer med funksjonsnedsettelse og ungdomsråd eller annet medvirkningsorgan for ungdom

Kommunestyret og fylkestinget skal selv velge et eldreråd, et råd for personer med funksjonsnedsettelse og et ungdomsråd eller annet medvirkningsorgan for ungdom.

Forankring i eige planverk

Handlingsprogrammet 2021-2024:

«Følgje opp ungdomsrådet og gjere det til eit vitalt organ»

Vurdering:

Erfaring med ungdomsråd til nå:

- Ungdom er engasjert og møter opp utan mykje fråvær.
- Dei diskuterer godt og kan vurdere saker for og mot, og argumentere.
- Dei er gode til å kome med saker.
- Ungdomsrådet treng å få betre rutiner for førebuing og å sette seg inn i, og finne saker dei skal sette seg inn i, på nett. Dette krev opplæring.

- Ungdomsrådet må bli flinkare til å gje tilbakemelding på det som vert lagt ut av på felles messenger og e-post. Dei må bli gjort medvitne sine oppgåver, som betalt utvalsmedlem.

Deltakarar i ungdomsråd og alder:

I sak om ungdomsråd blei det bestemt at ungdomsrådet er frå 8. – 10. klasse fordi elevar flyttar ut. Nå som det er lett å ha møte på Teams, bør elevar frå vidaregåande skule vere med. Desse elevane har eit perspektiv i diskusjonar som er nyttige for rådet, har vi erfart.

Økonomi:

- Møtegodtgjersle er 252,- for utvalsmedlemmar, og 504,- for leiar per møte – fastsett i K-sak 12/21
- 9 deltakarar + 2 vara fordelt slik
 - 2 representantar frå 8. klasse
 - 2 representantar frå 9. klasse
 - 3 representantar frå 10. klasse
 - 2 representantar frå vidaregåande opplæring, inntil 19 år
- Møtefrekvens: Minimum 3 møte i halvåret + opplæring. Fleire utvalsmøte om saksmengde tilseier det. Kvart møte medfører møtegodtgjersle på omlag 2500 kr. Avhengig av møtefrekvens vil det sei 15-20.000 kr årleg.
- Det har blitt servert mat på kvart møte. Sidan det har blitt lagt rett etter skulen, har det vore viktig å kunne tilby mat, då det har hatt mykje å sei for konsentrasjon og trivsel. Budsjettforslag: 1000 kr per møte
- 10.000 kr årleg til møte- og reiseutgifter i samband med opplæring for representantane og utvalssekretær

Val og tidsperiode:

- Val i juni eller august er betre enn i januar, som det stod i sak 8/20 om ungdomsråd. Dette fordi det er betre å følgje skuleåret, jf. overgangar frå mellomsteg til ungdomssteg og frå ungdomsskule til vidaregåande skule.

Opplæring:

- Det må bli satt av tid til opplæring av ungdomsråd. Dei må få innsikt i korleis politiske organ fungerer og korleis kommunen blir styrt.

Kommunal ressurs:

- Det bør settast av nok kommunal ressurs til å følgje opp ungdomsrådet. Det krev meir å drive eit ungdomsråd, enn andre kommunale råd, nettopp fordi representantane ikkje har erfaring frå slike utval. Pedagogisk konsulent i eining for oppvekst og kultur skal ha denne oppgåva og vere utvalssekretær.
- Utvalssekretær må gjere ein grundig jobb med saker og oppfølging, om det er ei målsetting å få ungdom vidare inn i politikk, og andre råd og organ.
- Oppfølging av regionale samlingar og saker frå Vest-Telemark-rådet
- Det er tilbod om fleire interkommunale samlingar for ungdomsråd, og det er svært nyttige nettverksamlingar for leiarar av ungdomsråd i Vestfold og Telemark.

Konstituering:

- Val av ungdomsråd skjer i elevrådet siste møte i skuleåret kvart år
- Ungdomsklubben leverer framlegg til liste over elevar frå vidaregåande skule til elevrådet i forkant
- Sekretær for ungdomsrådet møter, og sender liste frå valet til kommunestyret sitt første møte kvar haust
- Kommunestyret vel offisielt medlemmane til Nissedal ungdomsråd i første møte kvar haust

- Ungdomsrådet blir konstituert på første møte i august kvart år. Ordførar møter.

Konklusjon:

Ungdomsrådet blir konstituert for eit år av gonga, frå august til juni kvart skuleår.

Ungdomsrådet består av 9 ungdom frå 8. klasse til utgangen av vidaregåande skule, men under 19 år.

Pedagogisk konsulent er sekretær for ungdomsrådet.

Det skal vere minimum 3 møte per halvår, avhengig av saksmengde

Opplæring av utvalsmedlemmane kjem i tillegg til utvalsmøta.

Det blir budsjettert med utgifter til møtegodtgjersle (inntil 20 000 kr), bevertning (1000 kr per møte) og utgifter til reise/kurs/opplæring (10 000 kr). Per i dag ligg det 10.000 kr totalt i budsjettet for ungdomsrådet.

Eining for oppvekst og kultur vil forsøke å omprioritere innan eininga for å få denne endringa på plass. Dersom det blir behov for å auke ramma, kjem vi tilbake til det i 2. tertial.

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre sluttar seg til rådmannen si konklusjon i saksutgreiing om ungdomsråd.



Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	55/21	16.06.2021

Referat- og drøftingssaker

Vedlegg:

- 1 Møtebok 06.05.2021

Saker:

- A Godkjenning av møtebok
- B Generalforsamling Kvito
- C Årsmøte KKST
- D Generalforsamling Vest-Telemark Næringsbygg
- E Generalforsamling VTK Holding 29.06.
- F Aktuelt frå rådmannen

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre tek referat- og drøftingssakene til vitende.



Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Dato: 06.05.2021
Tidspunkt: 17:00 21:25

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Halvor Homme	Ordfører	AP
Linda Solberg	Medlem	AP
Kristin Oddbjørg Parkinson Vågen	Medlem	AP
Cecilie Vee Hansen	Medlem	AP
Anne Marie Watterud	Medlem	AP
Kim Jørgen Berntsen	Medlem	AP
Kristine Sandall	Varaordfører	H
Marianne Vrålstad	Medlem	H
Geir Christian Enger	Medlem	KRF
Tori Fretland Tveit	Medlem	KRF
Anne-Nora Oma Dahle	Medlem	SP
Stein Skåli	Medlem	SP
Camilla Marie Lien Tveit	Medlem	SP
Ian Parry-Jones	Medlem	SP
Natalie Bråthen	Medlem	SP

Følgjande medlemmer møte ikkje:

Navn	Funksjon	Representerer
Paul Willy Setane	MEDL	AP
Tjodvor Margrete Haugen	MEDL	SP

Følgjande varamedlemmer møte:


Navn	Møtte for	Representerer
Kjell Asbjørn Solberg	Paul Willy Setane	AP
Sondre Heimdal	Tjodvor Margrete Haugen	SP

Følgjande frå administrasjonen møte:

Navn	Stilling
Sverre Sæter	Rådmann
Jarle Bruun Olsen	Kommunalsjef økonomi
Reidun C. Retterholt	Einingsleiar oppvekst og kultur
Marius Vøllestad	Rektor

Frå saksnr.: 30/21
Til saksnr.: 41/21

Innleiingsvis i møtet orienterte Sissel Bronken og Gørild Kanstad om PPT si drift og oppgaver.



Halvor Hømme
ordfører

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka
	Saker til behandling	
PS 30/21	Leksefri Nissedalsskule? Utgreiing jf. handlingsprogrammet 2021	
PS 31/21	Evaluering av flyktningarbeidet i Nissedal kommune - 2015-2021	
PS 32/21	Revidert Plan for overgangar "Frå eldst til yngst"	
PS 33/21	Tilsynsrapport etter kommunalt barnehagetilsyn februar 2021	
PS 34/21	Kommunal planstrategi 2021 - 2023 - Nissedal kommune - godkjenning	
PS 35/21	Ombygging/utbetring kjøkken/vaskeri - NOS	
PS 36/21	Brannstasjon/ kombinasjonsbygg (Brann og uteavdeling teknisk drift)	
PS 37/21	Styrking av næringsfondet	
PS 38/21	Covid 19 - Kommunal kompensasjonsordning lokale verksemder	
PS 39/21	Oversikt over eigedomar med fritak for eigedomsskatt jf. eskl. § 7A og 7B - 2021	
PS 40/21	Val av valstyre for Stortingsvalet 2021	
PS 41/21	Referat- og drøftingssaker	

Saker til behandling

PS 30/21 Leksefri Nissedalsskule? Utreiing jf. handlingsprogrammet 2021

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre ber rådmannen innføre praksis med «Leksetilpassa skule» på mellomstege i kommunen frå skulestart 2021. Vidare blir heile Nissedalsskulen leksetilpassa frå hausten 2022 .

Saksprotokoll i Kommunestyret - 06.05.2021

Einingsleiar oppvekst og kultur Reidun C. Retteholt og rektor Marius Vøllestad innleia i saka.

Tori Tveit bad om gruppemøte.

Votering:

8 røysta for rådmannen si tilråding (AP, Marianne Vrålstad), 9 røysta mot (SP, Krf. Kristine Sandal)

Vedtak

Nissedal kommunestyre ønsker ikkje at rådmannen jobbar vidare med «Leksetilpassa skule/leksefri skule».

PS 31/21 Evaluering av flyktningarbeidet i Nissedal kommune - 2015-2021

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre tek evalueringa av flyktningarbeidet som lagt ved til vitande.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 06.05.2021

Kristin P. Vågen bad om å få sin habilitet vurdert.

Votering: samrøystes funne ugild i saka.

Einingsleiar oppvekst og kultur, Reidun C. Retterholt innleia i saka.

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Nissedal kommunestyre tek evalueringa av flyktningarbeidet som lagt ved til vitande.

PS 32/21 Revidert Plan for overgangar "Frå eldst til yngst"

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre tek revidert plan for overgangar til vitande.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 06.05.2021

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Nissedal kommunestyre tek revidert plan for overgangar til vitande.

PS 33/21 Tilsynsrapport etter kommunalt barnehagetilsyn februar 2021

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre tek tilsynsrapporten og orienteringa i kommunestyret til vitande.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 06.05.2021

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Nissedal kommunestyre tek tilsynsrapporten og orienteringa i kommunestyret til vitande.

PS 34/21 Kommunal planstrategi 2021 - 2023 - Nissedal kommune - godkjenning

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 10-1 *Kommunal planstrategi 2021 – 2023 – Nissedal kommune* slik dokumentet ligg føre

Saksprotokoll i Formannskapet - 22.04.2021

Tjodvor Haugen var ikkje med under handsaminga av denne saka.

Omforeina tilleggsframlegg:

1. Nytt planbehov: «Nissedal mot 2050 – ein bærekraftig reiselivskommune – ein plan for bruk av naturen vår

2. Landbruksplanen blir ein tydeleg del av strategisk næringsplan
3. Nytt kulepunkt til utfordringar under punkt 4.7 Barnehage, skule og utdanning: Ha merksemd på fråfall frå vidaregåande opplæring, og finne årsaker til den høge andelen
4. Tillegg til andre kulepunkt til utfordringar under punkt 4.2 Næringsliv, arbeidsplassar og infrastruktur: (...) og utdanna til kompetansesarbeidsplassar, (...)

Endringsframlegg frå Ian Perry-Jones: Plan for bruk av nynorsk vert rullert i planperioden.

Votering:

1. Endringsframlegget fekk ei røyst. Tre røysta mot
2. Samrøystes for rådmannen si tilråding med omforeina tilleggsframlegg

Innstilling til kommunestyret

Nissedal kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 10-1 *Kommunal planstrategi 2021 – 2023 – Nissedal kommune* slik dokumentet ligg føre med vedtekne tilleggsframlegg

Saksprotokoll i Kommunestyret - 06.05.2021

Votering: samrøystes som tilråding.

Ian Parry-Jones kom med tilleggsframlegg slik:
Plan for bruk av nynorsk vert rullert i planperioden.

Votering:

Endringsframlegg til Ian Parry-Jones

6 røysta for tilleggsframlegg til Ian Parry-Jones (SP med unntak av Stein Skåli, Tori Tveit) 11 røysta mot (AP, H, Stein Skåli, Geir Christian Enger)

Formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.

Vedtak

Nissedal kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 10-1 *Kommunal planstrategi 2021 – 2023 – Nissedal kommune* slik dokumentet ligg føre med vedtekne tilleggsframlegg

PS 35/21 Ombygging/utbetring kjøkken/vaskeri - NOS

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre gir prosjekterings- og byggjenemnda oppdrag å utgreie tilfredstillande løysingar for kjøkken og vaskeri ved omsorgssenteret. Det vert løyva inntil kr 100.000 (eksl. mva.) til prosjekteringskostnader til dette. Denne løyvinga blir å innarbeide i samband med 1. tertial.

Rådmannen får fullmakt til å etablere ei løysing i høve til ventilasjon i dagens vaskeri på omsorgssenteret. Kostnad ved dette vert i innarbeide i samband med 1. tertial.

Saksprotokoll i Formannskapet - 22.04.2021

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Innstilling til kommunestyret

Nissedal kommunestyre gir prosjekterings- og byggjenemnda oppdrag å utgreie tilfredstillande løysingar for kjøkken og vaskeri ved omsorgssenteret. Det vert løyva inntil kr 100.000 (eksl. mva.) til prosjekteringskostnader til dette. Denne løyvinga blir å innarbeide i samband med 1. tertial.

Rådmannen får fullmakt til å etablere ei løysing i høve til ventilasjon i dagens vaskeri på omsorgssenteret. Kostnad ved dette vert i innarbeide i samband med 1. tertial.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 06.05.2021

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Nissedal kommunestyre gir prosjekterings- og byggjenemnda oppdrag å utgreie tilfredstillande løysingar for kjøkken og vaskeri ved omsorgssenteret. Det vert løyva inntil kr 100.000 (eksl. mva.) til prosjekteringskostnader til dette. Denne løyvinga blir å innarbeide i samband med 1. tertial.

Rådmannen får fullmakt til å etablere ei løysing i høve til ventilasjon i dagens vaskeri på omsorgssenteret. Kostnad ved dette vert i innarbeide i samband med 1. tertial.

PS 36/21 Brannstasjon/ kombinasjonsbygg (Brann og uteavdeling teknisk drift)

For at prosjektet skal være gjennomførbart er det vanskelig å finne postar å redusere på/ta ut. I høve krav frå arbeidstilsynet kan ikkje nedskalering gå på bekostning av deira krav til brannstasjon, heller ikkje arbeidsmiljøet for dei tilsette.

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre gjer ei ekstraløyving til prosjektet brannstasjon/ kombinasjonsbygg på kr 2.104.000 eks. mva. I denne løyvinga ligg kr 200 000 ekskl. mva. til ny fasade på eksisterande bygning (Rutebilstasjonen). Ramme til prosjektet blir endra frå 15 mill. inkl. mva til 17.630.000 inkl. mva. Tilleggsløyvinga blir finansiert med kr 2.104.000 i låneopptak og kr 526.000 i mva.refusjon.

Tilleggsløyvinga til prosjektet blir å innarbeide i samband med 1. tertial.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 06.05.2021

Kjell Asbjørn Solberg, Linda Solberg og Marianne Vrålstad bad om få sin habilitet Ordførar tilrådde:

Kjell Asbjørn blir kjend ugild
Linda Solberg blir kjend gild i saka.
Marianne Vrålstad blir kjend gild i saka.
Votering: ordførar sine tilrådingar samrøystes vedteke.

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Nissedal kommunestyre gjer ei ekstraløyving til prosjektet brannstasjon/ kombinasjonsbygg på kr 2.104.000 eks. mva. I denne løyvinga ligg kr 200 000 ekskl. mva. til ny fasade på eksisterande bygning (Rutebilstasjonen). Ramme til prosjektet blir endra frå 15 mill. inkl. mva til 17.630.000 inkl. mva. Tilleggsløyvinga blir finansiert med kr 2.104.000 i låneopptak og kr 526.000 i mva.refusjon.

Tilleggsløyvinga til prosjektet blir å innarbeide i samband med 1. tertial

PS 37/21 Styrking av næringsfondet

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre vedtek å omdisponere ledige lønsmidlar til næringskonsulentstillinga (kr 260.000) til å styrke næringsfondet med kr 184.000 og redusere bruk av buffer med kr 76.000.

Budsjett for kraftfond vert endra slik:

Post for næringsadministrasjon vert redusert med kr 184.000, frå kr 556.000 til kr 372.000.
Avsett til næringsfondet aukar med 184.000, frå kr 672.000 til kr 856.000.

Budsjett for næringsfond vert endra slik:

Avkastning frå kraftfond aukar med kr 184.000, frå kr 672.000 til kr 856.000
Næringstiltak formannskap aukar med kr 170.000, frå kr 115.000 til kr 285.000
Næringstiltak rådmann aukar med kr 14.000, frå 0 til kr 14.000

Reduksjon av bruk av buffer/reduksjon av rammeområde næring på kr 76.000 vert innarbeidd i samband med 1. tertial.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 06.05.2021

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Nissedal kommunestyre vedtek å omdisponere ledige lønsmidlar til næringskonsulentstillinga (kr 260.000) til å styrke næringsfondet med kr 184.000 og redusere bruk av buffer med kr 76.000.

Budsjett for kraftfond vert endra slik:

Post for næringsadministrasjon vert redusert med kr 184.000, frå kr 556.000 til kr 372.000.
Avsett til næringsfondet aukar med 184.000, frå kr 672.000 til kr 856.000.

Budsjett for næringsfond vert endra slik:

Avkastning frå kraftfond aukar med kr 184.000, frå kr 672.000 til kr 856.000
Næringstiltak formannskap aukar med kr 170.000, frå kr 115.000 til kr 285.000

Nærings tiltak rådmann aukar med kr 14.000, frå 0 til kr 14.000

Reduksjon av bruk av buffer/reduksjon av rammeområde næring på kr 76.000 vert innarbeidd i samband med 1. tertial.

PS 38/21 Covid 19 - Kommunal kompensasjonsordning lokale verksemder

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre delegerer til formannskapet å fordele kr 500.000 mottatt til kompensasjonsordning for lokale verksemder, i tråd med dei retningslinjer som går fram av brev frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet av 25.02. og 15.04.21. Delegeringa gjeld og midlar kommunen måtte få til same ordninga i revidert nasjonalbudsjett for 2021.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 06.05.2021

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Nissedal kommunestyre delegerer til formannskapet å fordele kr 500.000 mottatt til kompensasjonsordning for lokale verksemder, i tråd med dei retningslinjer som går fram av brev frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet av 25.02. og 15.04.21. Delegeringa gjeld og midlar kommunen måtte få til same ordninga i revidert nasjonalbudsjett for 2021.

PS 39/21 Oversikt over eigedomar med fritak for eigedomsskatt jf. eskl. § 7A og 7B - 2021

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre tek oversikt over fritak for eigedomsskatt jf. § 7 A og B til vitande.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 06.05.2021

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Nissedal kommunestyre tek oversikt over fritak for eigedomsskatt jf. § 7 A og B til vitande.

PS 40/21 Val av valstyre for Stortingsvalet 2021

Saksprotokoll i Kommunestyret - 06.05.2021

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Nissedal kommune vel formannskapet som valstyre for stortings- og sametingsvalet 2021.

Ordfører Halvor Homme blir vald som leiar og Ian Parry-Jones som nestleiar. Resten av formannskapet blir medlemmar av valstyret, dvs. Kristine Sandall, Kristin O. Parkinson Vågen og Tjodvor Margrete Haugen.

Kommunestyret delegerer til valstyret å velje røystestyre.

Administrasjonen vil vere sekretariat for valstyret

PS 41/21 Referat- og drøftingssaker

- A Godkjenning av møtebok
- B Status for implementering av GDPR i Nissedal kommune
- C Aktuelt frå rådmannen

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre tek referat- og drøftingssakene til vitende.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 06.05.2021

Under pkt C:

- Vikariat kommunelege
- Arbeidsrettssaker kommune er involvert i
- Evt. omorganisering næring/kultur
- Drift Fjoneferja
-

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Nissedal kommunestyre tek referat- og drøftingssakene til vitende.

**Saksframlegg**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	56/21	16.06.2021

Konsekvensar av ny kommunelov**Fakta i saka:**

Kommunelova skal vere ei ramme for kva ein kommune er, og gje reglar som setter kommunen i stand til å utøve sjølvstyre.

Kommunelova frå 1992 vart endra fleire gonger. Fleire trekk ved samfunnsutviklinga gjorde det naudsynt med ein større og samla gjennomgang av loven. Det har også vore eit ynskje om å gjere lova enklare og meir tilgjengeleg samt styrke eigenkontrollen i kommunane.

Den største endringa ved ny kommunelov er å lovfeste det kommunale sjølvstyret, og enkelte prinsipp for forholdet mellom nasjonale styresmakter og det kommunale sjølvstyret som skal bidra til å styrke det kommunale sjølvstyret. Det er også innført tydelegare og enklare reglar om folkevalte organ og administrasjonen. Lova tydeliggjer også kommunen sitt ansvar for å ivareta økonomi og handlingsrom på lang sikt.

Kommunelova blei vedtatt 7. juni 2018, og vart gjeldande for Nissedal kommune frå og med det konstituerande kommunestyremøtet etter førre val. Rådmannen ynskjer med denne saka å gjere greie for viktige endringar i ny kommunelov. Gjennomgangen er avgrensa til det som er mest aktuelt for folkevalte i Nissedal, og omtaler t.d. ikkje særskilte tema som kommunalt føretak eller parlamentarisme.

Lovgrunnlaget

Lov om kommunen og fylkeskommuner

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83?q=kommunelov>

NOU 2016:4 Ny kommunelov

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2016-4/id2478743/>

Forankring i eige planverk

Handlingsprogram 2021 – 2024: «Tilpasse organisasjonen ny kommunelov»

Vurdering:*Det kommunale sjølvstyret*

Det er går fram tydeleg i § 1-1 at lova sitt føremål er å fremme det kommunale sjølvstyre, og legge naudsynte rammer for dette. Lova skal legge til rette for det lokale folkestyret og eit sterkt og representativt lokaldemokrati med aktiv innbyggardeltaking.

Det lokale sjølvstyre er slått fast i lovens § 2-1. Noreg er delt inn i kommunar og fylkeskommunar med eigen folkevalt leiing. Den geografiske inndelinga markerer kommunens stadleg kompetanse. Kommunen er eige rettssubjekt og kan ta avgjerdsler på eige initiativ og ansvar, og sjølvstyret vert utøvd innafor nasjonale rammer. Posisjonen som sjølvstendig rettssubjekt definerer kommunen si rettslege handleevne. Avgrensingar i sjølvstyret må ha heimel i lov.

Lokaldemokratiet eller folkestyre er fundamentet og grunnlaget for alle kommunar. Vårt demokrati er eit representativt demokrati i den meining at folkevalte tek avgjerder på vegne av innbyggjarane.

Nasjonale styresmakter sitt forhold til det kommunale sjølvstyret er definert i § 2-2 gjennom

- *Høvesvisprinsippet*: sjølvstyret bør ikkje avgrensast meir enn det som er naudsynt for å ivareta nasjonale mål
- *Nærleiksprinsippet*: offentlege oppgåver skal fortrinnsvis leggst til det forvaltingsnivået som er nærast innbyggjarane.
- *Finansieringsprinsippet*: innafor rammene av nasjonal politikk bør kommunane ha frie inntekter som gjev nasjonalt handlingsrom

Kommunen sine sentrale oppgåver er tenesteyting og samfunnsutvikling. Desse oppgåvene må heile tida gjennomførast på ein slik måte at det er til innbyggjarane sitt beste. Lova skal bidra til at kommunen er effektiv, tillitsskapande og bærekraftig. Effektivitet kan målast gjennom raske og gode svar til innbyggjarane, eller gjennom god organisering og fornuftig bruk av pengar.

Etikk, rettstryggleik og openheit skal sikre at innbyggjarane har tillit til kommunen. Administrasjonen er ansvarleg for god forvaltning og at vedtak blir forsvarleg satt ut i livet, og dei folkevalte gjer vedtak etter demokratiske spillereglar som regulerer dei folkevalte organa. Samla sett er dette tillitsskapande for vår verksemd.

Folkevalte organ

Folkevalte organ er definert i § 5-1. (Kva organ som kan opprettast, kva dei skal kallast, samt definisjon av kva ein folkevalt er) -*Med folkevalte menes i denne loven medlemmer av kommunestyret og fylkestinget og personer som et folkevalgt organ har valgt inn i et folkevalgt organ eller et annet kommunalt organ etter § 5-2. Personer nevnt i § 7-3 første ledd bokstav b og c og som er valgt inn i underordnet styringsorgan i kommunalt oppgavefelleskap, er likevel ikke å anse som folkevalgte*»

I § 5-2 står det om «andre kommunale organer» som t.d. partssamansatte utval, eldreråd, råd for menneskje med funksjonsnedsetting og ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom.

Det er krav om reglement for folkevalte organ samt reglement for delegering og innstilling. Våre reglement vil bli revidert som følge av ny kommunelov.

Folkevalte organ skal handsame saker og gjere vedtak i møter. Den nye lova opnar for fjernmøter. Dagens teknologi gjer det lettare å gjennomføre fjernmøter, og det er same krav til gjennomføring av fjernmøter som det er til møter i tradisjonell forstand.

Lova stiller krav til møter og gjennomføring av møta. Sakshandsamingsreglane skal ivareta viktige omsyn for at lokaldemokratiet skal fungere. Det er tillitsskapande at det er openheit om avgjerdslinene slik at innbyggjarane og media kan følge med på det som skjer.

Folkevalte møter også i fora som faller utafør lova sitt møteomgrep og kommunelova sine krav til desse. Dette kan vere t.d. gruppemøter i dei enkelte partia og fellesmøter med andre parti. Opne kurs og seminar om generelle tema er heller ikkje «møte» i lovens forstand. I følge

Sivilombudsmannen er det avgjørende for definisjonen at møtet ikkje er eit ledd i kommunen si sakshandsaming og at administrasjonen ikkje medvirker eller deltek.

Nytt i lova er utvida innsynsrett for folkevalte organ. (§ 11-13) Folkevalte skal fatte sine avgjerdslar på bakgrunn av det som går fram av saksframlegg med vedlegg. Samstundes kjem det til eit skjønnt kva opplysningar som er naudsynte for at saka skal vere tilstrekkeleg opplyst. Dette skjønnet vert utøvd av administrasjonen i kvar enkelt sak. Etter gjeldande rett har folkevalte ein vidare rett til innsyn enn det som følgjer av offentlegheitslova, og den nye kommunelova lovfester og presiserer gjeldande rett. Utvida innsynsrett ligg til det folkevalte organet, og ikkje den enkelte folkevalte. Utvida innsynsrett medfører teieplikt.

Særskilt om ordførar

Ordfører sitt mynde og sine oppgåver er slått fast i § 6-1: «ordfører er møteleder i kommunestyret og formannskapet samt kommunens rettslige representant.»

Ordfører har møte-, tale- og forslagsrett i alle folkevalte organ. I kontrollutvalet har ordfører berre møte- og talerett. Ordfører har berre stemmerett i organ som ho sjølv er valt medlem til.

Val av ordfører og varaordfører skjer på same måte som etter tidligare kommunelov. Det er no slått fast at den som skal veljast, må før valet ha samtykket til å stille til val. Det er ingen endring i reglane for om ordfører trer mellombels eller varig ut av vervet i perioden.

Kommunestyret kan suspendere ordfører frå vervet ved tiltale for forhold med minstestraft på 3 år (2/3 av stemmene), samt frata ordfører vervet dersom ordføraren «ved sin oppførsel viser at han eller hun er uskikket til å ivareta vervet» (minst 90% av stemmene). Det siste er nytt.

Rettar og plikter for folkevalte

Folkevalte har rett og plikt til å delta i møte med mindre det er gyldig forfall. Folkevalte pliktar også å stemme når ei sak vert teke opp til votering. Dette er ei vidareføring av tidlegare reglar. I medhald av § 11-11 kan ein folkevalt søkje seg fritaken frå å delta i handsaminga av ei sak dersom personlege grunnar tilseier fritak. Det folkevalte organet avgjør om vedkommande skal fritakast. Denne regelen er ei vidareføring frå førre lov, og kan også brukast dersom inhabilitetsreglane ikkje slår inn, og vedkommande har sterke grunner for å be om fritak for å delta i handsaminga av ei sak.

Folkevalte har også rett til fri frå sitt arbeid, også dette er ei vidareføring av regelen i førre kommunelov.

Reglar om godtgjersle samt dekking av utgifter og økonomisk tap i § 8-8 er også ei vidareføring.

Regler om pensjonsordning er vidareført frå førre lov, mens det er nye reglar for ettergodtgjering (etter søknad) samt rett til sjukepengar i §§ 8-6 og 8-8. Desse gjeld likevel berre for folkevalte som har vervet som hovedbeskjeftigelse. I Nissedal er det berre ordfører som har vervet som hovedbeskjeftigelse.

Tilsvarende gjeld om rettar ved yrkesskade og rett til permisjon som er nye reglar i ny kommunelov; §§ 8-9 og 8-10. Rett til permisjon gjeld i høve til bestemte permisjonar i arbeidsmiljølova §§ 12-1 til 12-10, 12-12 og 12-15 (som t.d. forelderpermisjon, militærtjeneste, religiøse høgtider). Rådmannen går ikkje nærare inn på desse.

Reglar om ugildskap er vidareført, og rådmannen går ikkje nærare inn på dette temaet. Det er god praksis i Nissedal kommune at folkevalte reiser spørsmål om sin habilitet i forkant av møter slik at administrasjonen kan gjere ei vurdering av spørsmålet. Det er likevel det folkevalte organet som avgjør om representanten er gild eller ugild.

Administrasjonen

Øvste leiar for administrasjonen er i førre lov omtalt som administrasjonssjef, men mange kommunar bruker framleis tittelen rådmann. Rådmannen si hovudoppgåve er å sikre at saker som vert lagt fram for folkevalte organ er forsvarleg utgreidd og at vedtak blir iverksatt utan ugrunna opphald. Vidare skal rådmannen sørge for at administrasjonen vert driven i samsvar med lover, forskrifter, overordna instruksjer samt at administrasjonen er gjenstand for kontroll. Rådmannen har også ansvar for å gjere det folkevalte organet merksam på faktiske eller rettslege forhold som har sentral verdi for iverksetting av vedtak. Rådmannen har møte- og talerett i alle folkevalte organ.

I ny lov legg ein opp til ein kjønnsnøytral tittel på øvste leiar i administrasjonen. Tittelen i ny kommunelov er kommunedirektør. Det er kommunestyre sjølv som avgjer om tittelen skal endre namn. Eg meiner det er viktig at tittelen ikkje verkar framandgjerande og går på akkord med dei prinsippa me ynskjer å legge til grunn for vårt lokaldemokrati i Nissedal. Ser ein bort for kjønnsaspektet er tittelen rådmann presis på det rolla skal fylle. Direktør har fransk opphav og ligg i medvite nærare til kommersielt drivne private føretak, der direktøren først og fremst skal ta avgjerder. Hå oss ligg det til kommunestyret å gjere vedtak. I kommunesektoren har tittelen direktør vore i bruk lenge i underordna leiarstillingar. Det kan skape forvirring at øvste leiar heiter nesten det same som kommunaldirektør el.l. Eg meiner at det er eit svært viktig arbeid sentrale styresmakter gjer ved å finne gode, kjønnsnøytrale titlar i det offentlege. I dette tilfellet meiner eg at arbeidet har resultert i både ein kjønnsnøytral og kjønnslaus tittel. Eg vil rå til at Nissedal kommune held fram med å bruke tittelen rådmann.

Kommunestyret er arbeidsgjevar, men rådmannen har det laupande personalansvaret inkludert tilsettingar, oppseiingar, suspensjon, avskjed og andre tenestlege reaksjonar. (§ 13-1)

Ansvar for internkontroll ligg hos rådmannen, jf. § 25-1. Det skal årleg rapporterast til kommunestyret om dette samt resultat frå statleg tilsyn.

Eigenkontroll

Kommunestyret har det øvste ansvaret for å kontrollere kommunen si verksemd, jf. § 22-1, og veljer eit kontrollutval som skal føre løpande kontroll med kommunestyret sine vegne, jf. § 23-1.

Leiar av kontrollutvalet kan ikkje vere frå samme parti eller partigruppe som ordførar. Dette er nytt i ny kommunelov. Det er også krav om minst fem medlemmer mot dagens krav om tre.

Revisjonen sine oppgåver er også gjort tydelege ved at eigarskapskontroll er definert som revisjon samt at revisjonsmandatet til regnskapsrevisor er utvida.

Kontroll og tilsyn

Forvaltninga er bunden av lov, og kommunen som offentlig organ er underlagt ulike kontrollmekanismer. Dette handlar om 1) Eigenkontroll som nevnt ovenfor: internkontroll, kontrollutval med revisjon samt intern klagehandsaming. 2) Statsforvaltninga utøver kontroll gjennom lovlegheitskontroll, statleg tilsyn, kontroll på økonomiområdet samt klagehandsaming. 3) Uavhengige kontrollorgan er domstolane og Sivilombudsmannen.

Kommunelova fra 1992 har også reglar om lovlegheitskontroll som er videreført i ny kommunelov. Ny lov skjerpar Staten sin rett til lovlegheitskontroll på eige initiativ ved at det nå vert krevd «særlige grunner». Det har i praksis vore ein høg terskel for departement og statsforvaltar å ta opp vedtak til lovlegheitskontroll, og regelen er meint som ein sikkerheitsventil. Forarbeidene nemner som døme at ein sak har skapt mykje merksemd for ein kommune og at lovlegheitskontroll kan bidra til å skape ro i saka.

Systemet med tilsyn er ført vidare frå kommunelova frå 1992, og det er i ny kommunelov gitt sterkare partsrettar ved statleg tilsyn i § 30-6 ved at kommunen kan klage på vedtak og utøve andre partsrettar etter forvaltingslova kap. IV,V og VI samt §§ 14, 41 og 42.

I kommunelova frå 1992 skulle det settast ein frist for å rette forholdet før pålegg gis. Denne rettefristen er fjernet i ny lov, og det skal komme tydelegare fram kva som er vedtak og kva som kan klagast på.

Ny kommunelov førar vidare og styrker Statsforvaltaren sine oppgåver med å samordne statleg tilsyn, jf. §§ 30-6 og 30-7. Det skal vere meir samordning mellom statleg tilsyn og kommunen, og statlege tilsynsmyndigheiter skal ta omsyn til det samla tilsynet med kommunen og til relevante forvaltingsrevisjonsrapportar. Statsforvaltaren skal etter dette gjere ei vurdering om det samla omfanget av tilsynet mot kommunen ikkje blir større enn det som er forsvarleg. Tilsyn kan også utsettast eller ikkje bli gjennomført dersom kommunen sjølv nyleg har gjennomført ein kontroll med same tema.

Det skal også vere dialog med kommunen før vedtak om retting eller andre reaksjonar med vesentlege verknader.

Interkommunalt samarbeid og eigarstyring

Lova sin sjette del regulerer interkommunalt samarbeid, og § 17-1 slår fast at kommunane kan løyse felles oppgåver gjennom interkommunalt samarbeid. Nissedal kommune deltar i fleire IKS og vertskommunesamarbeid med andre kommunar i Vest-Telemark.

Interkommunalt politisk råd i kapittel 18 er ny rettsleg regulering.

Kommunalt oppgåvefelleskap i kapittel 19 er mest som § 27 i førre lov.

Det er lovbestemt at det minst ein gang i valperioden skal utarbeidast ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret. Krav til eigarskapsmelding går fram av § 26-1.

Økonomireglar i ny kommunelov

Kommunen sitt ansvar for å ta i vare eigen økonomi og eige handlingsrom på lang sikt er gjort tydelegare i ny lov, mellom anna ved at det er innført overordna reglar om økonomiforvaltinga som skal sikre:

- at det er kommunen sitt eget ansvar å ha ein langsiktig økonomiforvalting
- samordna og realistiske planer for eigen økonomi og for lokalsamfunnet si utvikling
- forsvarleg finans- og gjeldsforvalting.

Ny kommunelov slår fast, i likhet med førre kommunelov, at det er kommunestyret som har det øvste ansvaret for kommunen sin økonomi. Sentrale verktøy for dagens økonomistyring er økonomiplanen, årsbudsjettet, årsrekneskapen, årsberetninga og tertialrapportane. Det er i tillegg vedtatt å lovfeste krav om at alle kommuner skal ha eit økonomiregelverk og bruke finansielle måltall i økonomistyringa.

Ny kommunelov lovfestar eit krav om at kommunestyret skal vedta reglar for økonomiforvaltinga (økonomireglement). Nissedal kommune har økonomireglement, og lovkravet fører difor ikkje til at me må endre dagens praksis.

Ny kommunelov lovfestar krav om at kommunar skal bruke finansielle måltall i økonomistyringa. Med finansielle måltall meiner ein politisk vedtekne mål for kommunen si økonomiske utvikling. Den enkelte kommune må sjølv velje måltall og vurdere på kva nivå desse bør ligge, men måla må spegle kva som skal til for å oppnå ei forsvarleg, langsiktig økonomisk utvikling. Nissedal kommune har ingen praksis med å fastsette og vedta finansielle måltall eller handlingsreglar, og lovkravet innebærer dermed ei endring i høve til dagens praksis.

Ny kommunelov lovfestar krav om at økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planer vert følgt opp.

Vedtatt kommuneplan, kommunedelplaner, temaplaner og strategiar i Nissedal kommune, saman med skyldnader i regionale planer, statlige føringar og kommunen sitt utfordringsbilde er utgangspunkt for økonomiplanen handlingsprogrammet vårt. I handlingsdelen vert det konkretisert kva tiltak og føringar som har prioritet i perioden. Slik rådmannen ser det vil dette ta i vare det nye lovkravet.

Ny kommunelov slår fast at økonomiplanens driftsdel, driftsbudsjettet og driftsrekneskapet skal berre finansierast av laupande inntekter. Laupande inntekter som ikkje blir brukt i budsjettåret skal settast av til driftsfond. Dette er i tråd med dagens praksis i Nissedal kommune og innebærer ingen endring.

Ny kommunelov slår fast at avdrag på lån skal samla vere minst lik storleiken på kommunens sine avskrivningar i rekneskapsåret, justert for forholdet mellom storleiken på lånegjelda og storleiken på kommunen sine avskrivbare anleggsmidlar.

Det er vedteke endringar i kva som skal til for at ein kommune kommer på ROBEK-lista, for å fange opp kommunar med økonomisk ubalanse på et tidlegare tidspunkt. Kommunar med eit akkumulert meirforbruk på meir enn tre prosent av driftsinntektene skal meldast inn i ROBEK-ordninga. Det er også gjort endringar i reglane om meirforbruk og inndeking av dette. Dersom driftsdelen i den vedtekne økonomiplanen, driftsbudsjettet eller det vedtekne driftsrekneskapet viser at eit meirforbruk dekkes inn over fleire enn to år etter at meirforbruket oppsto, skal kommunen meldast inn i ROBEK. I tillegg er regelen om at inndekningsplan skal være et eige kriterium for å bli omfatta av ROBEK-ordninga fjerna.

Finansreglementet skal innehalde reglar som hindrar kommunen i å ta ein vesentlig finansiell risiko i finans- og gjeldsforvaltninga, og som sikrar at laupande betalingsplikter kan innfris ved forfall. Finansreglementet skal også innehalde reglar om kva avkastingsmål som skal ligge til grunn for finansforvaltninga.

Det er i ny kommunelov innført eit krav om at årsberetningen også skal omfatte virksomhetens måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold av vesentlig betydning.

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre tek saka til kjennskap

Nissedal kommune vedtek at kommunen sin øvste administrative leiar framleis skal ha tittelen rådmann.